



Planforklaring

Kommuneplan for Kvinnherad 2018 - Arealdelen

Vedteken av kommunestyret 22.03.2018

Planident: 1224 20140002

Arkiv: 2012/2984



KVINNHERAD
K O M M U N E



Innhold

1.	OM KOMMUNEPLANEN	4
1.1.	Bakgrunn.....	4
1.2.	Planavgrensing.....	4
1.3.	Heimel og verknad.....	4
1.4.	Planprosessen.....	5
2.	RAMMER FOR PLANARBEIDET	6
2.1.	Generelle rammer	6
2.2.	Nasjonale føringar	6
2.3.	Regionale planar	6
2.4.	Lokale planbehov.....	7
3.	MÅL.....	9
3.1.	Mandat	9
3.2.	Målsetting.....	9
4.	METODE.....	10
4.1.	Juridisk	10
4.2.	Kartteknisk.....	10
4.3.	Arealkonfliktar	10
4.4.	Innspel	10
4.5.	Forenklingar av planen	11
4.6.	Endringane.....	11
4.7.	Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse.....	11
4.8.	Kartlegging av funksjonell strandsone.....	12
4.9.	Bruk av funksjonell strandsonekartlegging (FS)	12
4.10.	Fastsetjing av byggegrense mot sjø.....	13
4.11.	Fastsetjing av byggegrense og omsynssone (H320) mot vassdrag.....	14
4.12.	Bruk av spreidd utbygging i LNF.....	15
4.13.	Forholdet til eldre reguleringsplanar	15
5.	Gjeldande kommunedelplanar (arealplanar).....	16
5.1.	Hovudendring frå gjeldande til nytt planforslag	17
6.	FOKUSOMRÅDE OG PLANGREP.....	18
6.1.	Folketalsutvikling	18
6.2.	Senterstruktur og levande bygder	20



6.3.	Bustadbygging	23
6.4.	Hyttebygging (Fritidsbustader).....	24
6.5.	Naust og kombinert føremål i sjø	25
6.6.	Landbruk	26
6.7.	Reiseliv	27
6.8.	Næring og kraftutbygging.....	28
6.9.	Fiske og havbruk/akvakultur	28
6.10.	Natur og friluftsliv	29
6.11.	Kulturminne og kulturmiljø.....	30
6.12.	Born og unge sine interesser	31
6.13.	Folkehelse	32
6.14.	Universell utforming	33
6.15.	Støy, ureining og stråling	33
6.16.	Storulukkeverksemder	33
6.17.	Naturfare.....	34
6.18.	Havnivå.....	35
6.19.	Strandsona	35
6.20.	Vassdrag	35
6.21.	Endringar frå gjeldande kommunedelplanar	36
7.	Arealtabell	37
8.	Vurdering av samla arealbruksendringar i KU og ROS	39
8.1.	Nye byggeområde i forhold til gjeldande plan	39
8.2.	Samla vurdering av KU.....	41
8.3.	Risiko- og sårbaranalyse (ROS)	41

Framsidedfoto: Anbjørn Høivik.

1. OM KOMMUNEPLANEN

1.1. Bakgrunn

I Kvinnherad har arealdelen til kommuneplanen fram til no vore geografisk avgrensa i seks ulike kommunedelplanar. Desse gjeldande planane har per i dag vedtaksdatoar som strekkjer seg frå 2003 til 2013. Fleire delplanar har vore rullerte separat over fleire år, og ført til ulike føresegner og retningslinjer for byggetiltak i dei ulike delplanområda. Gjeldande plan- og bygningslov føreset at kommunen skal ha ein overordna arealdel som omfattar heile kommunen samla, og som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Hovudføremålet er difor å laga ein felles arealdel som skal vera det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk i Kvinnherad.

Kvinnherad kommune er med i den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordaland og Fusa. Fellesdelen til strandsoneplanen inneheld målsetjingar, registreringar, felles planføresetnader og mal for føresegner. Intensjonen er at kommunane skal utarbeide sine eigne kommunedelplanar for strandsona, basert på strandsoneplanen. Kvinnherad valde i utgangspunktet å innarbeide strandsoneplanen som del av forslag til ny arealdel av kommuneplanen. Sidan strandsoneplanen enno ikkje er vedteken, vert handsaminga av denne kommuneplanen gjennomført uavhengig av strandsoneplanen. Men kommuneplandokumenta inneheld mange element frå prosessen med- og forslaget til interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland.

1.2. Planavgrensing

Planområdet omfattar heile kommune og vil erstatte dei 6 kommunedelplanane som gjeld for kommunen i dag. Sjøareala er òg med i planområdet.

1.3. Heimel og verknad

Arealdelen til kommuneplanen er heimla i plan- og bygningslova, kapittel 11 (1. juli 2009).

Arealdelen til kommuneplanen skal vise hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer for tiltak og arealbruk og viktige omsyn som må ivaretakast. Arealdelen består av plankart, føresegner og arealbruk som viser korleis nasjonale mål og retningslinjer, samt overordna planar for arealbruk, vart ivareteke (jf. pbl. § 11-5). Plankartet viser hovudføremål og omsynssoner for bruk og vern av areala. Føresegnene detaljerer rammene vist i kartet, og planforklaringa supplerer plankartet og føresegnene med retningsgjevande omtale av innhaldet i planen. Planarbeidet omfattar òg planprogram, konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse.

Plankartet og føresegner er rettsleg bindande. Tiltaket må ikkje vera i strid med arealbruk eller føresegner som er gjevne i denne planen. Det same gjeld tiltak som kan vera til vesentleg ulempe for gjennomføring av planen. Der det ikkje ligg føre gjeldande reguleringsplan eller ikkje er stilt krav om slik plan (jf. pbl. § 12-1, andre ledd), gjeld arealdelen til kommuneplanen ved handsaming av søknader om løyve til tiltak (jf. pbl. § 11-6).

Der det er vurdert som naudsynt, viser plankartet omsyn og restriksjonar som har verknad for bruken av areala. Omsyn og forhold som inngår i pbl. § 11-8, andre ledd bokstav a til f, er markerte i plankartet som omsynssoner med tilhøyrande føresegner og retningslinjer. Det er nokre stader vist fleire soner for same areal (jf. pbl § 11-8 om omsynssoner).

1.4. Planprosessen

Då arbeidet med arealdelen til kommuneplanen starta opp, var òg Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordaland under utarbeiding og ein såg for seg at denne ville verte vedteken før arealdelen. Dette speglar seg i planprogrammet som legg opp til ei viss samkøying av arealdelen og strandsoneplanen.

Arbeidet med den regionale strandsoneplanen har ikkje gått som planlagt og med stort sannsyn vert arealdelen vedteken først.

Arealplanprosessen vert difor vidareført uavhengig av prosessen med strandsoneplanen, men element frå det interkommunale planarbeidet er innarbeidd i arealdelen.

Organisering

Rollefordelinga i planarbeidet:

Rolle	Ansvarleg
Styringsgruppe	Formannskapet
Prosjektansvarleg	Verksemd for samfunnsutvikling, Kvinnherad kommune
Prosjektleiar	Samfunnsutviklar Kjartan Thoresen
Prosjektgruppe/administrativ arbeidsgruppe	Kjartan Thoresen, Hildegunn Furdal og Anbjørn Høivik, frå Kvinnherad kommune. Torunn Åsheim, Lise Marie Laskemoen, Marianne Bø, Åsta Midtbø Vegard Eriksen, Vigdis Berge, Solveig Renslo, alle frå Multiconsult AS
Politisk arbeidsgruppe	Fram til valet 2015: Arve Opsanger (Ap), Otto Benjaminson (Krf), Hans Inge Myrvold (Sp). Etter valet: Øyvind Utne (H), Arne Bjørnevik (H), Clara Hveem (Sp), Stein Olav Ølvestveit (Sp), Hilde Enstad (Ap).
Referansegruppe	Aktuelle fagansvarlege i kommuneadministrasjonen, inkl. barnerepresentanten
Utførande konsulent	Multiconsult AS

Framdrift

Aktivitet	Gjennomføring	Status
Vedtak om oppstart og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn	Formannskapet 06.03.2014	Gjennomført
Fastsetting av planprogram	Formannskapet 05.06.2014 Kommunest. 19.06.2014	Gjennomført Gjennomført
Utlegging til offentleg ettersyn av planforslag	08.09.2016	Gjennomført
Godkjenning	Formannskapet Kommunestyret	01.12.2016 15.12.2016

Planarbeidet er i hovudsak ein teknisk revisjon. Ved oppstart og utlegging av planprogrammet til høyring, var følgjande presisert: «I dette planarbeidet vil det ikkje verta gjeve høve til innspel om private utbyggingsområde, men innspel om arealbruk som har samfunnsmessig stor interesse kan verta vurdert».

Det er registrert innspel frå private og offentlege instansar. Mange av innspela gjeld private utbyggingsområde. Ved utarbeiding av planforslaget og siling av innspela, har både administrativ og politisk arbeidsgruppe vist disiplin i høve til det planprogrammet legg opp til å prioritera arealbruk av samfunnsmessig stor interesse. Under siling er innspela konsekvensvurderte og kriteria i planprogrammet har vore lagt til grunn.

2. RAMMER FOR PLANARBEIDET

2.1. Generelle rammer

Plan- og bygningslova styrer i hovudsak planarbeidet i kommunen, med det er i tillegg mange andre lover som regulerer arealbruken. Forvaltninga etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen, til dømes Fiskeridirektoratet, Kystverket, NVE, Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Statens vegvesen.

Naturmangfaldlova stiller krav om vurderingar som må gjerast og omsyn ein må ta i høve til naturverdiar, både i arbeid etter plan- og bygningslova og etter dei ulike sektorlovene. I tillegg til gjeldande lovverk, er det gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå gjennom retningslinjer og rundskriv mv..

2.2. Nasjonale føringar

Ei rekkje rikspolitiske stortingsmeldingar og retningslinjer gjev føringar for arealplanlegging:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 2011
- Statlige planretningslinjer for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, 1994
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unges interesser i planlegginga, 1995
- T-1442. Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, 2011
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene, 2009

2.3. Regionale planar

Regionale planar gjev føringar og retningslinjer for kommuneplanlegginga:

- Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 (forlenga inntil den vert avløyst av nye regionale planar)
- Regional planstrategi 2016-2020
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland –2015-2026
- Regional kulturplan 2015-2025
- Regional klimaplan 2014-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2025 - Fleire gode leveår for alle
- Regional transportplan 2013-2024
- Regional næringsplan 2013-2017
- Fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021
- Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – Aktiv kvar dag 2008-2012
- Fylkesdelplan for Sunnhordaland 2005 (ny regional plan under arbeid)
- Fylkesdelplan for kystsona 2001-2004
- Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010
- Reiselivstrategi 2009-2015

2.4. Lokale planbehov

2.4.1. Samfunnsdelen til kommuneplanen og planstrategi:

Kvinnherad er ein relativ stor kommune i vestlandsmålestokk; både i areal (vel 1000 km²) og folkesetnad (vel 13.000 innbyggjarar). Kommunen ligg slik at den utgjer sin eigen region. Sjølv om folketalet har vore stabilt dei siste 15-20 åra, viser den demografiske utviklinga at gjennomsnittsalderen er aukande og fødselsoverskotet er minkande.

Næringsvegane er mange, men delen sysselsette i primærnæringa og i offentleg sektor er større enn gjennomsnittet. Kommuneøkonomien er prega av høg eigenkapital, høg gjeld og noko for høge driftsutgifter i høve til inntektene.



Foto: Anbjørn Høivik.

Kvinnherad er ein mykje oppdelt og vidstrakt kommune utan gjennomgåande riksvegsamband. Det er ingen openberre, framtidige løysingar for samanslåing med nabokommunar eller endring av kommunegrense. Grunna lang og tungvinn reiseveg, må Kvinnherad halda seg med tenester og tilbod som elles ville vore lagt til større sentra. Det er knytt utfordringar til å oppretthalda folketalet og få ungdom heim att etter ferdig utdanning. Geografi og busettingsmønster gjer at det ikkje er sjølvstekt korleis forholda skal vera mellom lokalsenter, kommunesenter og regionsenter. Den lokale natur- og kulturarva gjer likevel nokre fordelar når Kvinnherad skal marknadsførast som buområde, arbeidsområde, idretts- og fritidsområde og reiselivsområde. Det lokale handlingsrommet innan arealplanlegging er lite på grunn av sterk statleg styring. Det er trong for målretta arbeid med identitet, omdøme, verdiar og optimisme.

Samfunnsdelen til kommuneplanen vart sist rullert med vedtak i kommunestyret i 2000. Den 11.08.2005 vedtok Kvinnherad formannskap opplegg for ny rulling av samfunnsdelen, og med nytt

vedtak om planprogram for prosessen 24.04.2014. Det er samla inn mykje bakgrunnsstoff, men ferdiggjering har vorte nedprioritert til fordel for det omfattande arbeidet som er lagt ned i rullering av arealdelen til kommuneplanen og deltaking i drift og andre planprosessar.

Sjølv om kommunen ikkje har ein oppdatert samfunnsdel, har strategiske val vorte handsama i temaplanar, i førre planstrategi og gjennom årleg rullering av økonomiplan med handlingsprogram. Handlingsprogrammet har etter kvart fått ei form som ein «samfunnsdel i miniatyr». Behovet for ei felles overbygging er likevel til stades i fullt monn, og ny samfunnsdel vert prioritert i strategiperioden. Ei samordning av handlingsdelen til denne planen og kommunen sitt system for økonomi- og verksemdplanlegging skal ha ekstra merksemd i arbeidet.

I samfunnsplanlegginga skal det leggjast vekt på å samla kommunen, skapa samhald og motarbeida «bygdedyret». Alle bygder må inkluderast og den kvinnherske identitetskjensla skal dyrkast. Alle innbyggjarar og idéskaparar bør kjenne seg ivaretekne.

Planstrategien nemner desse strategiane for å nå dette måtet:

- Differensiert arealforvaltninga slik at dei kvalitetane som er unike for kvar bygd kan forsterkast.
- Bygge nettverk mellom fritidstilbod, næringsliv, helse, skule, kunnskap og marknadsføring.
- Ta omsyn til bustadforhold og bustadprisar for førstegangsetablerarar.
- Støtte opp om initiativtakarar som bidreg til å nå kommunen sine strategiske mål.

2.4.2. Langsiktig arealbruk

Kvinnherad kan ikkje seiast å vere ein presskommune. Det vert bygd 50-100 husvære årleg og 20-30 fritidsbustader. Veksten skjer i hovudsak langs aksen frå Rosendal til Husnes/Sunde/Valen og òg på sentrale deler av Halsnøy.

I og nær tettstadane skal utbygging skje etter vedtekne reguleringsplanar. I bygdene elles kan spreidd utbygging skje der arealdelen til kommuneplanen legg til rette for det. Feltutbygging (to eller fleire einingar med felles infrastruktur) skal skje etter vedtekne reguleringsplanar om ikkje arealdelen seier noko anna. Talet på dispensasjonar skal ned som følgjer av målretta plangrep og auka plandisiplin.

Regionsenteret Husnes skal planleggjast med sterke sentrumsqualitetar, gode tenestetilbod for heile Kvinnherad, tenleg infrastruktur og gode kommunikasjonar. Området Husnes/Sunde/Valen skal sjåast i samanheng ved planlegging av bustadområde, arbeidsplassintensive område og transportløyisingar.

2.4.3. Miljøutfordringar

Verknader av fiskeoppdrett i fjordane, klimautslepp frå transport og vern av naturtypar og landskap, er miljøutfordringar som kommunen fokuserer på i arbeidet med arealdelen.

Arealdelen til kommuneplanen skal gje rammer for lokalisering og omfang av havbrukslokalitetar i fjordane. Kommunen vil vere ei aktiv samarbeidspartnar ved tilrettelegging for landbaserte anlegg. Næringa må utfordrast på betre løysingar av problema med lakselus og røming.

Areal- og transportplanlegging skal i større grad nytte kollektivaksar som premiss. Gang- og sykkelnettlet bør styrkjast. Ladestasjonar og annan tilrettelegging for klimavenleg bilisme skal vektleggjast.

2.4.4. Berekraftig areal- og samfunnsutvikling

Kommunen har ei sentral rolle som utviklingsaktør og planstyresmakt i arbeidet for eit sikkert, vekstkraftig og miljø- og klimavenleg samfunn. God planlegging vil sikre ei aktiv forvaltning av natur-

og kulturminneverdiane, men det er krevjande å leggja til rette for framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse.

Ved planlegging i bu- og arbeidsplassintensive område, skal det leggjast vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering.

Kommunen skal sjå til at det blir utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysar for utbyggingsplanar der det vert teke særleg omsyn til naturfarar og eksisterande og framtidige klimaendringar.

Verdiar av naturmangfald, friluftsliv, kulturminne og born sitt oppvekstmiljø, skal identifiserast og takast omsyn til i alle kommunale planar.

Kommunen vil sikre viktige jordbruksområde og leggja til rette for nye og grønne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk. I arealplanlegginga vil område for spreidd næringsutbygging nyttast aktivt for å leggja til rette for tilleggsnæringar i landbruket.

Gjennom planlegging skal Kvinnherad bidra til at regionen vert sikra nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa, mineralutvinning og byggeråstoff. Dette skal vegast opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

3. MÅL

3.1. Mandat

Vedtak om arealdelen til kommuneplanen i Formannskapet den 06.03.2014:

1. *Kvinnherad formannskap vedtek oppstart av arealdelen til kommuneplan for Kvinnherad og sender forslag til planprogram ut på høyring og offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova §§ 11-13 og 4-1.*
2. *Frist for merknader og innspel vert sett til seks veker frå kunngjeringsdato.*

3.2. Målsetting

3.2.1. Overordna målsetting

Hovudmålet med planarbeidet er å lage ein felles arealdel med tilhøyrande føresegner som skal vere det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk og forvaltning av areal i Kvinnherad.

Planarbeidet er primært ei teknisk rullering som skal:

- **Samla alle delplanane til ein felles arealdelen for heile kommunen**
- **Utarbeide planen i samsvar med gjeldande plan- og bygningslov**

Når det gjeld utbyggingsområda, vil det verta vurdert om eksisterande utbyggingsområde skal takast ut, samt ta inn nye område der det ligg føre klare samfunnsmessige interesser.

3.2.2. Delmål

- Å redusere talet på dispensasjonar ved å tilpasse planen til dagens situasjon og vidareutvikle føresegnene for enklare byggetiltak på bygde eigedomar.
- Vurdere byggeområde som har lege inne i kommuneplanen lenge utan å bli realiserte.
- Vurdere areal som er bandlagt til vidare planlegging eller freding.
- Legge til rette for småskala næringsverksemd i bygdene, gjerne knytt til gardsbruk -"Garden som ressurs".
- Fastsetja bruk og forvaltning av areal i strandsona både på sjø og land.

- Byggegrense mot sjø.
- Forenkle planen.

4. METODE

Planarbeidet har teke utgangspunkt i metoden og forma tilden nyaste kommunedelplanen: *KDP for Sandvoll, Holmedal, Matre og Åkra* som vart vedteken 20.06.2013. Denne planen var godt gjennomarbeidd i både kart, føresegner og planforklaring, samt utarbeidd etter gjeldande plan- og bygningslova. Vidare er kartet rydda og forenkla for å få betre og meir overordna planforslag.

4.1. Juridisk

5 av dei 6 gjeldande kommunedelplanane i Kvinnherad er utarbeidd etter gamal plan- og bygningslov. Endringane i lova er mellom anna ei anna inndeling av føremål, eit nytt element med omsynssoner og at det kan gjevast fleire typar føresegner for å utdjupe føremåla i plankartet. Alle områda er planlagde med rettsverknad, og bygging i strandsona er stramma inn med mellom anna krav om byggegrense mot sjø.

Dei gjeldande kommunedelplanane vart slegne saman og automatisk konverterte til ny plan- og bygningslov av Norkart AS. Nokre føremål måtte rettast manuelt i etterkant, mellom anna dei som før var viste med eigne føremål for bandlegging, og som no skal visast med omsynssone og eit anna føremål under.

4.2. Kartteknisk

Kystlina i dei gjeldande kommunedelplanane var ikkje i samsvar med kystlina i dag, og nokre stader var det store avvik. Det førte til at nokre byggeføremål vart liggjande i sjøen og andre stader gjekk sjøførmeålet langt opp på land. Dette er justert til samsvar i det nye plankartet.

4.3. Arealkonfliktar

Det er gjort to GIS-analyser som del av grunnlaget for planarbeidet:

- Ein analyse av kva som er faktisk bruk av bygningane sett i samanheng med kva som er dei underliggjande arealføremåla i dei gjeldande kommunedelplanane.
- Ein analyse som viser dyrka mark i konflikt med byggeføremål i gjeldande kommunedelplanar.

Områda med konflikt i GIS-analysane vart vurderte og dei fleste vart endra slik at arealføremålet vart i samsvar med bruken.

Verdfulle jordbruksareal som var byggeføremål i gjeldande planar er i hovudsak endra til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). I vurderingane er det nytta data om arealressurskart (AR5), bygnings-, veg- og eigedomskart, flyfoto og kommunal lokalkunnskap.

4.4. Innspel

Innspel som omhandlar arealendringar er vurderte og det er gjort endringar i høve til gjeldande planar. Alle endringar, både nye område og arronderingar av eksisterande, er vurderte med omsyn til andre interesser og lokale forhold.

Undervegs i planprosessen har den administrative arbeidsgruppa lagt fram innspela med tilråding for den politiske arbeidsgruppa, som i sin tur har gitt råd om det einiskilde skal innarbeidast i planen og sendast på høyring.

4.5. Forenklingar av planen

I bygdene er dei fleste framtidige og eksisterande byggeføremåla samla i felles LNF-spreidd-føremål med rammer for nye byggetiltak. I sentrumsområda er det lagt inn større sentrumsføremål. Desse grepa bidreg til å synleggjere kvar det skal vere spreidd bygdestruktur, kvar det er ønskjeleg med bustadfelt og kvar det skal vere varierte sentrumsfunksjonar.

I nokre bygder har spreidd utbygging av bustader vore fokus og LNF-spreidd-avgrensinga er difor i hovudsak lagt utanom dyrka mark. Dei fleste bustadhus og bustadtomter i desse områda er omfatta av LNF-spreidd-føremålet med høve til å gjere endringar på bygde eigedomar utan dispensasjon.

I andre bygder har landbruk og moglegheita til å etablere tilleggsnæringar for landbruket vore fokus. LNF-spreidd avgrensinga omfattar difor òg store landbruksareal, men føresegnene set grenser for lokalisering, omfang og kva type tiltak som vert tillate.

I Husnes og Rosendal er store delar av sentrum sett av som sentrumsføremål som omfattar forretning, kontor, bustader, offentleg eller privat tenesteyting, parkering, torg osv.. Sentrumsføremålet gjev rom for variert bruk av sentrumsareala og er meir fleksibelt enn reindyrka arealføremål. Gjeldande og framtidige reguleringsplanar vil styre arealbruken.

Enklare og meir effektiv sakshandsaming av tiltak vert oppnådd når planen vert tydelegare og lettare å forstå for tiltakshavarar og aktørar, arealbruken samsvarar med plankartet, samt at føresegnene konkretiserer rammene for nye tiltak.

4.6. Endringane

Alle endringar i kartet er skildra i dokumentet: *Oversikt endringar, KU og ROS*.

Alle endringar av føremål frå eksisterande, gjeldande planar til dette planforslaget får nemninga «framtidig» i det nye plankartet uavhengig av faktisk bruk. Alle område som har same arealføremål i dette planforslaget som i gjeldande planar, får nemninga «noverande» uavhengig av om dei er teke i bruk til føremålet eller ikkje.

4.7. Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse

Alle endringar er vurderte i høve til om dei må konsekvensutgreiast. Konsekvensutgreiingane og risiko- og sårbaranalysane er vedlegg til arealdelen til kommuneplanen og er å finne i dokumentet *Oversikt endringar, KU og ROS*. I dette dokumentet er òg metodikken som er brukt for konsekvensutgreiing (verdi- og konsekvensutgreiing) og risiko- og sårbaranalyse skildra.

Kommuneplanar som legg til rette for framtidig utbygging, skal ha særleg vurdering og omtale av planen sin verknad på miljø og samfunn, jf. plan- og bygningsloven § 4-2. Det skal gjennomførast ei konsekvensutgreiing for dei delar av arealdelen som inneber endringar i arealbruken.

Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i innspel og i kommunen sine eigne forslag til arealbruksendringar. I konsekvensutgreiinga (KU) er den metoden som er fastsett i planprogrammet nytta. Ei rekkje tema er vurderte. For kvart område/endring er det gjort ei vurdering av kor verdfullt området er for dei einiskilde tema. Konsekvensane av den føreslegne arealbruken er og vurdert.

Ved utarbeiding av arealdelen skal det lagast ein risiko- og sårbaranalyse (ROS) i samsvar med plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vere overordna og tilpassa plannivået. Føremålet er å vurdere forslag til ny arealbruk opp mot samfunnstryggleik, og å identifisere om arealbruken er så sårbar at det må takast vidare omsyn i seinare planfasar. Arealføremål som vert vidareførte er ikkje ROS-vurderte i denne planprosessen. I analysen er kommunen sine akseptkriterium og metode for ROS-analyser nytta. ROS- analysen avdekkjer eventuelle farar som naturfarar og menneske- og verksemdbaserte farar. Det er gjort ei vurdering av sannsynet for uønskte hendingar innanfor dei farekategoriar som er avdekte. I ROS –analysen har nokre av byggeområda hamna i raud sone for ein eller fleire farekategoriar. Når byggeområdet trass dette framleis er del av planen, må den aktuelle farekategorien gjennom grundigare vurdering og/eller avbøtande tiltak reduserast til minst gul sone. Dette vert å utføra i samband med seinare reguleringsplan eller ved søknad om tiltak der det ikkje er sett krav til reguleringsplan. Område som er sårbare eller utsette for fare og/eller risiko er i planen merkte med omsynssoner der det i føresegnene er stilt krav om å vern mot skade og tap slik lova føreset.

4.8. Kartlegging av funksjonell strandsone

Funksjonell strandsonekartlegging er ein analysemetode som skaffar oversyn over utbygde område, verneinteresser og allmenne interesser. Dette gjev eit godt grunnlagsmateriale for forvaltning og planlegging av strandsona.

Analysen er utarbeidd etter metode skildra i forstudien «Differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordaland», 2010 av Akvator som implementerer viktige prinsipp frå strandsonerettleiaren for Hordaland, utarbeidd av fylkesmannen i Hordaland og fylkeskommunen. Dei konkrete råda i rettleiaren er basert på nasjonal strandsonepolitikk og arealpolitiske mål og retningslinjer frå Fylkesplan for Hordaland 2005-2008.

Bakgrunnen for utvikling av metoden med kartlegging av funksjonell strandsone var at ein såg på 100-metersbeltet som ein firkanta og unyansert avgrensing av strandsona. Funksjonell strandsone er definert på følgjande måte: Den strandsona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Den funksjonelle strandsona kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet (Strandsonerettleiaren 2007). Med det varierte kystland og fjordlandskapet ein har på Vestlandet, gjev analysemetoden eit meir korrekt bilete av strandsona og dei nasjonale interessene ein finn her enn 100-metersbeltet gjer.

Analysemetoden er mest eigna i utbyggingsområde der den til dømes kan brukast til å fastsetje ny byggegrense til sjø, jf. § 1-8 i plan og bygningslova. Men analysemetoden gjev mest av alt eit solid grunnlagsmateriale for planlegging i strandsona av både utbyggingsområde, fortettingsområde, verneområde eller område med allmenne interesser.

4.9. Bruk av funksjonell strandsonekartlegging (FS)

Kartlegging av funksjonell strandsone (FS) inneber ei detaljert analyse av landskap og landskapselement, og vil mellom anna krevja synfaringar og flyfotostudiar. Gjennom ei slik kartlegging kan ein differensiere strandsoneverdiane basert på fastsette kriterium, og slik definera område som bør vernast og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting. Kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og tilgjenge for ålmenta står i fokus.

Kartlegging kan til dømes nyttast som:

- Grunnlag for fastsetjing av juridisk bindande byggegrense. Bygging i 100-metersbeltet langs sjø er i dag regulert i pbl. § 1-8, bygge- og delingsforbodet i 100-metersbeltet. I pbl. § 1-8, 3. ledd, går det fram at byggeforbodet gjeld «så langt ikkje annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan».
- Grunnlag for fastsetjing av omsynssoner. I dette tilfellet vil 100-metersbeltet gjennom pbl. § 1-8, 2. ledd, gjerast gjeldande.
- Ein «skuggeplan» for vidare arealforvaltning og planrevisjon.
- Vidare gjev analysemetoden eit godt grunnlag for alle grensetjingar som må gjerast i planlegging av strandsona.

Den funksjonelle strandsonkartlegginga gjev grunnlag for å vurdere til dømes område som er eigna for fortetting, utbygging og vern.

Område som er avsett til byggeområde i kommuneplanen, regulerte eller uregulerte, har ofte ikkje fastsett byggegrense mot sjø. I slike område kan ei kartlegging av strandsoneverdiane vera viktig informasjon for å sikra ein miljørevisjon av planane. Det vil i enkelte område likevel vere naudsynt å setja ei anna byggegrense enn den funksjonelle strandsona, for slik å leggja til rette for at eksisterande eigedomar kan vidareutviklast innanfor fastsette rammer. Nye tiltak skal som hovudregel plasserast vekk frå sjø. Denne tilnærminga gjer det mogleg å leggja til rette for nye tiltak der dette etter nærare vurderingar ikkje forringar strandsoneverdiane i område. Samstundes gjer det høve til å avgrensa og sikra restar av friområde og viktige ferdselskorridorar i strandsona.

4.10. Fastsetjing av byggegrense mot sjø

Funksjonell strandsonkartlegging er det viktigaste utgangspunktet for fastsetjing av byggegrense mot sjø i planen. I tillegg til kartlegginga av funksjonell strandsona, vert det etter ei kvalitativ vurdering teke omsyn til gjeldande planar og eksisterande løyve. Byggegrensa har fått juridisk linje kode 1112 (forbodsgrense sjøen), der byggegrensa ikkje går heilt til strandlina, medan der er sett til kode 1160 (strandlinje sjø) der den ligg i strandlina. I regulerte område, er kode 1112 brukt gjennomgåande.

Prinsipp som har vorte brukt:

- I område der det ligg kulturmiljø som det bør takast omsyn til, er byggegrensa lagt utanfor.
- Byggegrensa er brukt for å ivareta naturmangfaldet.
- Område med viktige landskapselement er teke omsyn til når ein har sett byggegrensa.
- Område som er tilgjengelege og eigna for friluftsliv er teke omsyn til når ein har sett byggegrensa.
- Det er ikkje sett byggegrense i LNF-område.
- Det er ikkje sett byggegrense i LNFS-område. Her gjeld pbl. § 1-8.
- Det har vore viktig å ta omsyn til mindre strandsoneverdiar som til dømes badestrender mv. òg i byggeområde.
- I nye byggeområde med krav om reguleringsplan vert byggegrensa sett til funksjonell strandsona.
- Einskilde bygningar som ikkje framstår som eit tett utbygd større areal, har i utgangspunktet vorte trekt utanfor byggegrensa.
- Naust ligg utanfor byggegrensa der det ikkje er større etablerte eller planlagde naustområde.
- Byggegrensa er som hovudregel trekt inn i byggeområde for å ta vare på strandsonekvalitetane (der byggjeføremålet går nærare sjøen enn 100 m), dette gjeld særleg

bustad og fritidsbustadeigedomar der det er byggeområde som går heilt ned til strandlina. I all hovudsak vert det ikkje høve til å gjere nye tiltak mot sjøsida på dei eigedomane som ligg nærast strandlina.

- I bustadområde som går heilt til sjø, er det gjennomgåande sett ei byggegrense på om lag 10 meter i eksisterande byggeområde der byggeområde går heilt til strandlina, dette for å hindre ytterlegare privatisering.
- I næringsområde er byggegrensa lagt i føremålsrensa mot sjø for å sikre kommunen sine interesser knytt til viktige næringsareal.
- Byggegrensa i gjeldande reguleringsplanar er sett i føremålsrensa der det ikkje er i vesentleg strid med nasjonale føringar.

4.11. Fastsetjing av byggegrense og omsynssone (H320) mot vassdrag

For område langs vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftsiinteresser, skal kommunen i kommuneplanen sin arealdel etter pbl. § 11-11, nr. 5, vurdere å fastsetje grense på inntil 100 meter der bestemte angitte tiltak med meir ikkje skal vera tillate (jf. pbl. § 1-8, femte ledd).

I ferskvatn er det berre Opsangervatnet, Opstveitvatnet og Kvitebergvatnet som har fått byggegrense i plankartet (kode 1161, strandlinje vassdrag).

I planprosessen har dette vore vurdert og ein har kome fram til at det er føremålsteneleg å gjera fylgjande:

- 13 elver (hovudvassdrag) har fått omsynssone i kart (H320): Øyreselva, Austrepollelva, Bondhuselva, Furebergselva, Æneselva, Hattebergselva/Melselva, Guddalselva, Storelva (Omvikdalselva), Uskedalselva, Hellandselva, Handelandselva, Blåelva og Åkraelva.
- Dei same elvane har fått sett byggegrense (50 m) i føresegnene
- Byggeforbodet etter pbl. § 1-8 gjeld ikkje for elvane, bekkane og ferskvatna som ikkje er nemnt.

Dei 13 vassdraga som er lagt inn i kart og føresegner som hovudvassdrag (basert på kommunen sine innspel og dialog med NVE), er plukka ut på bakgrunn av storleik og byggepress langs vassdraga. Det har difor vore føremålstenleg å avgrense bygge- og deleforbodet til dei områda som er nemnt ovanfor. Samtlege vassdrag i kommunen er vurdert opp mot pbl. § 1-8.



Foto: Eivind Jul Wibe Fiksdal

4.12. Bruk av spreidd utbygging i LNF

For å styrkje levande bygder, samt redusere talet på dispensasjonssaker er det lagt inn mange store, samanhengande LNF-spreidd-føremål (LNFS i kartet og føresegnene). Desse skal stimulere til avgrensa vekst på den måten at dei skal halde på uttrykket som eit landbruksområde, men føremålet opnar for enkeltvise einbustader, fritidsbustader og/eller næringsbygg som tek vare på bygdestrukturen, jf. tabellen i kap.7 i føresegnene for omfang i kvart område. Mange av enkelttomtene som tidlegare låg med eigne byggeføremål er òg inkluderte. Bygdene sine særpreg og kvalitetar skal ivaretakast, og områda skal ikkje utviklast som byggefelt. Det skal vere tillate å gjere mindre tiltak på eksisterande bygde eigedomar, som t.d. tilbygg, påbygg og garasje. Rettleiaren «Garden som ressurs» har vore førande for arbeidet. For å auke attraktiviteten til bygdene, er det nokre stader opna for fortetting av bygde naustmiljø. Føresegnene inneheld ein tabell der det går fram kvotar for bygging i LNFS-område. Det er kvotar for bustad, fritidsbustad, næring og naust.

4.13. Forholdet til eldre reguleringsplanar

249 gjeldande reguleringsplanar/bebyggelsesplanar (vedtekne før 2018) er gått i gjennom med tanke på å fastslå kva planar som fortsatt skal gjelda framføre kommuneplanen, kva planar som skal gjelde i lag med kommuneplanen og kvar arealdelen til kommuneplanen skal gjelde framføre reguleringsplanane (ved motstrid).

Det er gjort konkrete vurderingar for kvar enkelt arealdel ut frå i kva grad dei er utbyggt, reel arealbruk, forholdet til arealbruken i kommuneplanen og om dei ligg innanfor eller utanfor 100-

meters- beltet. Vidare har det vore eit ynskjer om at alle planane skal vera synlege i plankartet. Det er gjort ved å legge inn føresegnsoner og detaljeringssoner i plankartet. Inndelinga er slik:

- Stadfesta reguleringsplanar som ikkje er i strid med arealbruken i kommuneplanen, gjeld i sin heilskap i lag med kommuneplanen då det i desse tilfella i stor grad er snakk om ulikskap i detaljeringsgrad (føresegnzone #A_).
- I område der det er motstrid mellom arealbruken i kommuneplanen og arealføremålet i reguleringsplanen, og der kommunen ynskjer at kommuneplanen skal gjelde, er det lagt inn ei føresegnzone #B_.
- Somme reguleringsplanar skal gjelda uendra, og her er det lagt inn detaljeringszone H910_, jamfør pbl. § 11-8 f.

Vedtekne reguleringsplanar gjeld så langt arealføremåla i planen ligg innanfor hovudføremåla i arealdelen i kommuneplanen. Om reguleringsplanane ikkje er formelt oppheva, vil dei gjelde, supplere og utfylle arealdelen til kommuneplanen om det ikkje er motstrid.

Ved handsaming av saker der det er motstrid mellom kommuneplanen og eldre reguleringsplanar, må det ved vurdering av kva plan som skal leggst til grunn, òg leggst vekt på detaljeringsgrada av kommuneplanen i det aktuelle området og om endra arealbruk i kommuneplanen har vore opplyst og om det har vore grunnlag for diskusjon ved handsaming.

Når eldre reguleringsplanar/bebyggelsesplanar skal vurderast, skal nyare statlege føringar takast med i vurderinga.

5. Gjeldande kommunedelplanar (arealplanar)

I planprogrammet er dei 6 gjeldande kommunedelplanane karakteriserte som følgjande:

Kommunedelplan for Rosendal-området	20.02.2003	Planen har disponibelt utbyggingsareal både bustad, næring og fritidsføremål. Minkar på disponibelt bustadareal i området Løfallstrand – Dimmelsvik. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggegrense mot sjø og vassdrag. Det må vurderast om det i tillegg er trong for ein eigen områdeplan for Rosendal sentrum.
Kommunedelplan for Husnes-området	20.02.2003	Planen har disponibelt utbyggingsareal både bustad, næring og fritidsføremål. Stor trong for rullering, særleg rundt Husnes sentrum, skule- helse og idrettsområdet. I tillegg bør sentrumsområdet ved Nesjaneset og Sundsvågen vurderast. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggegrense mot sjø og vassdrag. Det er stor trong for å sjå Husnes sentrum i ein større samanheng. Særleg må trafikktryggleik og transport, gangvegar mellom sentrum – skule og, sentrum – Bogsnes mv. vurderast.
Kommunedelplan for Mauranger-området	15.12.2005	Store areal sett av til bustad og næring. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggegrense mot sjø og vassdrag.
Kommunedelplan for Halsnøy-området	25.09.2008	Del av kommunen med mindre byggepress. Store reservar i planen til bustad og fritidsbustad. Føresegnene treng oppdatering, spesielt i strandsona. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggegrense mot sjø og vassdrag. Det bør vurderast om det skal lagast ein eigen områdeplan for Sæbøvik sentrum, særleg med tanke på mogleg utbetring av fylkesvegen frå Tofte til Ranavik.
Kommunedelplan for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy	23.03.2011	Relativt ny plan med store areal disponible til ma bustad, fritidsbustad og næring. Manglar vurdering av funksjonell strandsone og/eller juridisk byggegrense mot sjø og vassdrag.
Kommunedelplan for Sandvoll og Holmedal	26.06.2013	Ny kommunedelplan. Einaste KDP som er utarbeidd etter ny planlov.



Foto: Anbjørn Høvik.

5.1. Hovudendring frå gjeldande til nytt planforslag

Planen er i utgangspunktet berre ei teknisk oppdatering og samanslåing av dei 6 kommunedelplanane. Det er likevel gjort ein del grep for å sikre meir overordna styring. Under er desse plangrepa summert opp. Sjå kapittel 7 for meir detaljert gjennomgang av plangrepa.


- Fleire av dei gjeldande delplanane var svært detaljerte der òg einskilde bustad- eller hyttetomter var viste med eigne byggeføremål. Mange av desse er slegne saman eller erstatta av større samanhengande LNF-spreidd-føremål. Dermed er 396 bustadføremål og 194 hytteføremål tekne ut. Føresegnene opnar for avgrensa spreidd utbygging.
- Landbruksdominerte bygder/område er òg omgjort til store LNF-spreidd-område der føresegnene opnar for etablering av tilleggsnæring til landbruket med krav om lokalisering og omsyn.
- I Husnes og Rosendal er store delar omgjort til sentrumsføremål.
- Mange mindre naustføremål er slegne saman til *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med føresegnssone som opnar for avgrensa og spreidd utbygging av naust.
- Akvakulturføremål er justerte og utvida i samsvar med konsesjonar og faktisk lokalisering. I tillegg er det lagt ut eit fleirbruksføremål (kombinert) utanfor sjølve akvakulturføremålet for å opna for mindre justeringar og ankring.
- Det er lagt inn ei rekkje omsynssoner: nedslagsfelt drikkevatt, støysoner, flomfare, høgspenningsanlegg, ras- og skredfare, bevaring kulturmiljø, bevaring naturmiljø, omsyn friluftsliv, landskapsvernområde, bandlegging etter lov om kulturminne, bandlegging etter lov om naturvern, bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova og soner der gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelde.

6. FOKUSOMRÅDE OG PLANGREP

6.1. Folketalsutvikling

Noverande situasjon

Folketalet i Kvinnherad har i lang tid vore relativt stabilt mellom 13.000 og 13.300 innbyggjarar, men med stadig skeivare aldersfordeling, lågare kvinnedel, lågare fødselstal og høgare gjennomsnittsalder vert Kvinnherad svært utsatt for forgubbing. Den samla sysselsettinga utgjer no under halvparten av befolkninga. Offentleg tenesteyting aukar og talet på sysselsette i privat næringsliv går ned. Ein framtidig folkeauke er truleg ikkje realistisk utan sterk lokal næringsutvikling og forbetring av kommunikasjonane.



Figur 1 www.statistikk.ivist; grunnlag for befolkningspyramide

Dei neste femten åra er det venta at delen born under 15 år vil falla markert og delen eldre over 75 år vil auka mykje. Nedgang i barnetal kan gå ut over barnehagar og nærskular i grisgrendte strok. Eldrebølgja vil få store konsekvensar for det samla pleie- og omsorgsbehovet.

Fødseloverskotet har blitt til eit fødselsunderskot og det har lenge vore netto innanlands fråflytting frå Kvinnherad. Utan innvandring frå utlandet ville kommunen truleg hatt avtakande folketal allereie sidan 1990-talet. Innvandrdelen av folkesetnaden er såleis aukande, men den er førebels langt lågare enn gjennomsnittet for landet elles.


Ein aukande del av befolkninga bur i tettstader. Sjølv om òg mindre bygder nokre år opplever folkevekst er trenden slik at det er mest utbygging i nærleiken av hovudfartsårene og i område nær den største tettstaden; Husnes. Kvinnherad kommune vil såleis få utfordringar knytt til strukturendringar i tenestetilbodet òg som følgje av sentraliseringskreftene i samfunnet.

Den arbeidsaktive delen av befolkninga er avtakande og har no falle til under 50 % og ein aukande del av arbeidsstokken er sysselsett i offentleg sektor.

Prosentvis del av befolkninga	1-15 år		75+ år	
	2015	2040	2015	2040
Kvinnherad	18,8	15,4	9,2	18,0

Sunnhordland	20,2	17,3	7,4	14,3
Hordaland	18,5	17,2	6,9	11,4

Figur 2 Grunndata frå AUD-rapport 01.01.2017, rekna om til prosentvis del av befolkninga



Figur 3 Folkesetnaden fordelt på grunnkrinsar

Plangrep for folkesetnad

Kommuneplanen legg opp til liten vekst i folkesetnaden. Det er likevel viktig at kommunen legg til rettes for nye innbyggjarar og nye verksemder. Plangrepet er å oppretthalde eksisterande bustadområde og næringsområde av ein viss storleik, samt at mindre byggeområde eller enkelttomter i hovudsak er omgjorte til område for spreidd utbygging i landbruks-, natur og friluftsområda. Kommuneplanen vert då meir fleksibel og har rom for den veksten som kjem utan at planen har store byggereservar overalt i kommunen.

6.2. Senterstruktur og levande bygder

Noverande situasjon

Kvinnherad kommune har to hovudsenter, Husnes og Rosendal. Husnes er den største tettstaden med vidaregåande skule og handelssenter, medan Rosendal er administrasjonssenter. I gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen er det målfesta at Husnes er hovudsenter i kommunen m.a. med regionale funksjonar, men at hovudadministrasjonen skal liggja i Rosendal. Utviklinga av levande bygdemiljø og berekraftige lokalsamfunn prega av mangfald, tryggleik og trivsel skal styrkjast. Følgjande strategiar er sett som moglege:

- I dei mindre og mellomstore bygdesamfunna må det leggjast til rette for spreidd bustadbygging og romslege bustadtomter
- Det må sikrast areal for vidare utvikling av dei ulike bygdesentra
- I sentrumsområda skal det leggjast vekt på fortetting med optimal utnytting av grunnlagsinvesteringar og tenestetilbod
- Det skal skapast levande bygdesenter ved å kombinera service, næring og bustader

Kvinnherad er ikkje ein presskommune. Det vert bygd 50-100 husvære årleg og 20-30 fritidsbustader. Veksten skjer i hovudsak langs ein akse frå Rosendal til Husnes/Sunde/Valen og på sentrale deler av Halsnøy. I planstrategi for valperioden 2015- 2019 er det valt å følgje eit prinsipp om at utbygging i og nær tettstadane skal skje etter vedtekne reguleringsplanar. I bygdene elles kan spreidd utbygging skje der arealdelen til kommuneplanen legg til rette for det. Feltutbygging (to eller fleire einingar med felles infrastruktur) skal skje etter vedtekne reguleringsplanar om ikkje arealdelen seier noko anna. Talet på dispensasjonar skal ned som følgje av målretta plangrep og auka plandisiplin.

Gjennom «*Regional plan for attraktive senter i Hordaland*», vedteken av fylkeskommunen i 2015, er det gitt ei retningsline om at kommunane gjennom kommuneplanarbeidet skal innarbeide ein senterstruktur i samsvar med regional plan: regionsenter, kommunesenter, og eventuelt lokalsenter og nærsenter ved behov.

Husnes er no definert som regionsenter med resten av Kvinnherad som omland. Her skal ein finne handel og tenester som ein ikkje kan forvente å finne i alle kommunar, og senteret er del av eit nettverk med ni andre regionsenter i Hordaland. I og ved Husnes ønskjer kommunen å planleggja med sterke sentrumsqualitetar, gode tenestetilbod for heile Kvinnherad, tenleg infrastruktur og gode kommunikasjonar. Området Husnes/Sunde/Valen skal sjåast i samanheng ved planlegging av bustadområde, arbeidsplassintensive område og transportløyisingar. Utbyggingsavtalar skal nyttast som verktøy for å sikre private bidrag til god byutvikling. Ein ny kommunedelplan for Husnes-området skal utarbeidast, og der vil senterfunksjon og byutvikling verte mellom dei mest sentrale tema.

Rosendal held fram som kommunesenter. En områdereguleringsplan skal utarbeidast for å gjere naudsynte arealavklaringar i høve til denne tettstaden sin funksjon.

Tettstader og bygdesenter som går inn i nettverket av lokalsenter og nærsenter er Dalsjøen/Ølve, Gjermundshamn, Varaldsøy, Sundal, Seimsfoss, Uskedalen, Herøysund, Sunde, Valen, Sandvoll, Åkra, Sæbøvik, Høylandsbygd og Fjelberg. Her finn ein i varierende grad privat næring og offentlege tenester. Eit lokalsenter er eit lokalt senter for handel, tenester m.v. dimensjonert for eit større lokalområde i ein kommune, medan eit nærsenter er eit mindre senter med opp til 3000 m² samla bruksareal for detaljhandel.

Lokalsenter: Uskedalen, Sunde, Valen og Sæbøvik.

Nærsetrum: Dalsjøen/Ølve, Varaldsøy, Sundal, Seimsfoss, Dimmelsvik, Herøysund, Sandvoll, Matre, Åkra og Fjelberg.

Plangrep

Eit av plangrepa for senterstrukturen er å bruke sentrumsføremålet for å fastsetja senterutstrekning. Det er eit samleføremål som opnar for forretning, kontor, bustader, offentleg eller privat tenesteyting, parkering, park, torg ol. I gjeldande kommunedelplanar er to mindre areal i Gjermundshamn og Åkra sette av til sentrumsføremål. I den nye planen er store delar av Husnes og Rosendal òg sette av til sentrumsføremål. Dette skal synleggjere at desse områda er hovudsentra i kommunen og at tiltak som styrkjer og bygger opp om dette, skal vere tillate. Både i Rosendal og i Husnes er det meste av sentrumsføremåla regulerte, og reguleringsplanane skal framleis gjelde. For kommunesenteret Rosendal og lokalsentra Sæbøvik, Sunde, Valen og Uskedalen skal arealplangrunnlaget oppdaterast ved utarbeiding av områdereguleringsplanar dei komande åra.



Foto: Anbjørn Høivik.


For å styrkje levande bygder er det lagt inn mange store, samanhengande LNF-spreidd-føremål (LNFS i kartet og føresegnene). Desse skal stimulere til avgrensa vekst på den måten at dei skal halde på uttrykket som eit landbruksområde, men føremålet opnar for enkeltvise einbustader, fritidsbustader og/eller næringsbygg som tek vare på bygdestrukturen, jf. tabellen i kap.7 i føresegnene for omfang i kvart område. Mange av enkelttomtene som tidlegare låg med eigne byggeføremål er òg inkluderte. Bygdene sine særpreg og kvalitetar skal ivaretakast, og områda skal ikkje utviklast som byggefelt. Det skal vere tillate å gjere mindre tiltak på eksisterande bygde

eigedomar, som t.d. tilbygg, påbygg og garasje. Rettleiaren «Garden som ressurs» har vore førande for arbeidet. For å auke attraktiviteten til bygdene, er det nokre stader opna for fortetting av bygde naustmiljø.

Tabell 1 Endringar i sentrumsføremåla og LNF-spreidd-føremåla


	Gjeldande KDP		Nytt planforslag	
	Areal	Tal føremål	Areal	Tal føremål
Sentrumsføremål	16 dekar	2	1354,2 dekar	5
LNF-spreidd-føremål	5190 dekar	38	17 975 dekar	120

Illustrasjonar LNF-spreidd:



Figur 4 Kartet til venstre viser Rørvik i gjeldande kommunedelplan. Planforslaget til høgre viser eit større samanhengande LNF-spreidd-føremål.

Illustrasjon sentrum:



Figur 5 Venstre: Utsnitt over Husnes i gjeldande kommunedelplan. Planforslaget til høgre viser store delar av Husnes omgjort til sentrumsføremål.

6.3. Bustadbygging

Noverande situasjon

Det har opp gjennom åra vore langt til rette for at ein skal byggja bustader i dei fleste bygdene i kommunen. Bustadstrukturen i dei fleste mindre bygdene er òg typisk spreidd. Regulerte felt er ofte tette, spesielt i dei større sentra om Rosendal, Husnes og Sunde-Valen. Kvinnherad har òg ein relativt stor del fleirmannsbustader.


Det er god bustadreserve i kommunen, med mange ledige tomter og bustadareal. Det har likevel vore etterspurnad på enkeltbustader utanom avklarte byggeområde.

Plangrep for bustadbygging

Planforslaget vidarefører bustadstrukturen i kommunen. Det er framleis god kapasitet i ubygde bustadområde, både i sentrale strøk og i bygdene. I gjeldande kommunedelplanar var det til saman 662 bustadføremål. Dei fleste av desse var mindre føremål som berre omfatta ein eller nokre få bustadtomter. I planforslaget er mange av desse slegne saman og mange er erstatta av større samanhengande LNF-spreidd-føremål, jf. kap. 6.2 ovanfor. Kvote for tal bustader som kan byggjast har teke omsyn til eksisterande frådelte bustadtomter. I LNF-spreidd-føremål som ligg i nærleiken eller grensar til regulerte bustadfelt med ledig kapasitet, skal det i mindre grad gjevast løyve til etablering av nye bustader. Det er ønskjeleg at desse regulerte områda først vert bygde ut.

Planforslaget viser no 244 bustadføremål der 44 av desse er heilt nye. Dei fleste av dei nye føremåla er mindre utvidingar av eksisterande bygde bustadområde, men det er òg lagt inn nokre større bustadområde med krav om reguleringsplan.

Illustrasjon bustad:



Figur 6 Utsnitta over viser eit typisk døme på endringar frå gjeldande plan til dette planforslaget. Gjeldande plan til venstre viser mange mindre bustad- og fritidsbustadføre mål. I planforslaget til høgre er føremåla utvida til å inkludera tilgrensande bygde bustadtomter og byggeføre mål er slegne saman til eit større samanhengande LNF-spreidd-føre mål. Utsnitta er henta frå Sætre, Halsnøy.

Tabell 2 endringar i bustadføre måla

	Gjeldande KDP		Nytt planforslag	
	Areal	Tal føremål	Areal	Tal føremål
Bustader	8514 dekar	662	7000,8 dekar	244

6.4. Hyttebygging (Fritidsbustader)


Noverande situasjon

Kvinnherad kommune har mange hytter og det er stor etterspurnad etter hyttetomter. Det siste tiåret er det godkjent fleire reguleringsplanar for hytter.

Plangrep

Planforslaget vidarefører hyttestrukturen i kommunen. Det er god kapasitet for hyttebygging i eksisterande hytteområde, både regulerte og uregulerte. I gjeldande kommunedelplanar er det til saman 452 hytteføre mål der dei fleste av desse er mindre føremål som berre omfatta ein eller nokre få hyttetomter. I planforslaget er mange av desse slegne saman, og mange er tekne ut og erstatta av større samanhengande LNF-spreidd-føre mål der det er tillate med spreidd hytteutbygging i samsvar med tabell i kap. 6 i føresegnene.

Planforslaget viser no 223 hytteføre mål der 34 av desse er heilt nye. Nokre av desse nye føremåla er mindre utvidingar, nokre er lagt inn i samsvar med godkjende reguleringsplanar, men det er òg lagt inn mange heilt nye hytteområde med krav om reguleringsplan.



Figur 7 Kartutsnittet til venstre viser KDP slik det er i dag i Stussvik, og korleis det i planforslaget blir teke inn i eit LNFs-område.

Tabell 3 Endringar i fritidsføremåla

	Gjeldande KDP		Nytt planforslag	
	Areal	Tal føremål	Areal	Tal føremål
Fritidsbustader	2751 dekar	452	2535,8 dekar	223

6.5. Naust og kombinert føremål i sjø

Noverande situasjon


I dag er det i liten grad planlagt på sjøside framføre eksisterande naustområde i delplanane, noko som medfører mange dispensasjonar for tiltak som brygge og slipp mv. Område for spreidd naustbygging er berre lagt inn i kommunedelplan for Sandvoll, Homedal, Matre og Åkra. Mange naustområde ligg i dag utan krav om detaljregulering, medan det for nokre område ligg inne i føresegnene at det skal lagast reguleringsplan dersom det er plass til meir enn fire naust.

Plangrep

Strandsona har hatt stor merksemd i planarbeidet. Eksisterande naustområde er i stor grad behalde og det er lagt inn 32 nye naustføremål. Mange av desse nye føremåla er lagt inn omkring godkjende naustbygg, men det er òg lagt inn nokre nye med krav om reguleringsplan. I tillegg opnar nokre av LNF-spreidd-føremåla for nye naust som fortetting av bygde naustmiljø.

Kommunen har gjennom planprosessen søkt å finne løysingar for å unngå dispensasjonssaker som gjeld brygger, slipp mv. framføre naustområde. Det har vist seg vanskeleg å finne lovheimel for å gjennomføre dette. Slik stoda er no, vert alle søknadar om kaianlegg handsama som dispensasjon eller detaljreguleringsplan.

Ein anna større endring i planforslaget er å opne for føremål for spreidd naustbygging i heile kommunen (dette var tidlegare avgrensa til KDP for Sandvoll, Holmedal, Matre og Åkra). Nokre naustføremål er difor utvida, slått saman og endra til bruk og vern av sjø og vassdrag (sosi-kode 6001) med ei føresegnssone (#) som regulerer naustområda og sjøareala framfor. I desse områda skal nauststrukturen vere spreidd, og det skal takast særleg omsyn til rekreasjon, kulturmiljø, naturmiljø og landskap. Føresegnene kap. 8 har krav om maks tal nye naust i dei ulike sonene.



Figur 8 Kartutsnittet frå Kaldestad viser døme på område med føremålet bruk og vern av sjø og føresegnssone (#).

Tabell 4 Endringar i føremåla «andre typar bygningar og anlegg» (i hovudsak naust) og «bruk og vern av sjø og vassdrag» (spreidd naust)

	Gjeldande KDP		Nytt planutkast	
	Areal	Tal føremål	Areal	Tal føremål
Andre typar bygningar og anlegg	432,5 dekar	314	296,1 dekar	250
Føresegnssone for bruk og vern av sjø og vassdrag	-		140,1 dekar	26

6.6. Landbruk

Noverande situasjon

Landbruk har ein stor verdi for kommunen både som arbeidsplass og når det gjeld landskapsvern. Kvinnherad har etter Voss størst jordbruksareal av kommunane i Hordaland. Det er om lag 315 årsverk knytt til jord-, hage- og skogbruk i kommunen. Mjølkeproduksjon og sauehald er den største næringa.

Plangrep

Jordvern har vore eit førande prinsipp for arealbruken i kommuneplanforslaget. Ein GIS-analyse har fått fram konflikt mellom jordbruksareal og byggeområde i gjeldande kommunedelplanar, og i planforslaget er fleire byggeområde justerte på grunn av denne analysen. Arrondering av byggeområde har i prinsipp teke omsyn til jordbruksareal i bruk eller med høg bonitet. Det er ikkje føreslege nye byggeområde på dyrka mark. Jord- og skogbruskareala er viste som landbruks, natur- og friluftsområde (LNF). I bygdene har ein del landbruksområde vorte endra til LNF-spreidd (LNFS-føremål) som gjev høve til spreidd utbygging av bustader, fritidsbustader og næringsverksemdar. For desse områda er det eigne krav for å unngå konflikt med jordvern, kulturlandskapsverdiar og driftsforholda i landbruksnæringa.

Omfanget av LNF-spreidd-områda har i stor grad teke omsyn til potensialet for tilleggsnæringar for landbruket, jf. *Garden som ressurs*.



Figur 9 Venstre: Utsnitt frå planforslaget som viser eit større LNF-spreidd-føremål på Ølve. Flyfotoet til høgre er frå Åkra som viser eit typisk LNF-spreidd område med fokus på landbruk. Foto: Anbjørn Høivik.

Det er lagt inn ei føresegn som skal sørge for å oppretthalda eit avgrensa naturleg vegestasjonsbeltet for å motverka avrenning og gjer levestad for planter og dyr. Byggverk som står i naudsynt samheng med vassdraget eller der det trengs opning for å sikre tilgongen til vassdraget, er unnateke denne regelen. Vassressurslova seier at grunneigar, tiltakshavar og fagmynde kan krevje at

kommunen fastset breidda på kantvegetasjonen. Breidda kan òg fastsetjast i rettsleg bindande planar etter pbl. (vassressurslova § 11).

Tabell 5 Endringar i LNF-føremål og LNF-spreidd føremål.

	Gjeldande KDP		Nytt planutkast	
	Areal	Tal føremål	Areal	Tal føremål
LNF-føremål	814 808 dekar	816	101 4227,6 dekar	1099
LNF-spreidd-føremål	5190 dekar	38	17 975,0 dekar	120

6.7. Reiseliv

Noverande situasjon

Kvinnherad ligg sentralt mellom Bergen og Stavanger ved innløpet til Hardangerfjorden. Kommunen har ein vakker og variert natur som er lett tilgjengeleg, gode utbygde båthamner, varierte aktivitetar, attraksjonar og overnattingsstader. Rosendal er den største turistbygda med Baroniet som ein av dei største attraksjonane i Sunnhordland. Rosendal er òg cruisehamn. Fjorden og fjella er populære hos tilreisande.

Plangrep

Planen er oppdatert i høve eksisterande reiselivstiltak. Det er nokre nye reiselivsområde, og i LNF-spreidd-område er det rom for småskala reiselivsprosjekt.



Foto: Anbjørn Høvik.

6.8. Næring og kraftutbygging

Noverande situasjon

Kommunen har tradisjonelt hatt mykje industri med rike tradisjonar innafor skipsbygging og med eksisterande verft m.a. på Halsnøy, Seimsfoss, Løfallstrand, Årsnes og Ølve. Den største private arbeidsgjeveren i kommunen er aluminiumsverket Hydro på Husnes (tidlegare SØRAL).

Kommunen har ein monaleg vasskraftproduksjon. Blåfalli med sju kraftverk og Mauranger-vassdraget med seks er dei største i kommunen. I tillegg er det mange småkraftverk.

Plangrep

Næringsstrukturen i dag er vidareført i planforslaget. I tillegg er det lagt inn 14 nye næringsføremål. I planforslaget er ein del næringsføremål slegne saman, og nokre er erstatta av eit større samanhengande LNF-spreidd-føremål der det er tillate med spreidd næringsutbygging i samsvar med tabellen i kap. 7 i føresegnene.

Noverande og framtidige småkraftverk (mikro-, mini- og småkraftverk) er vidareførte som LNF-spreidd næring (LNFS-føremål). Dei småkraftverka som er lagt inn i planen er allereie godkjende. Areal med anlegg for energiforsyning og -overføring er lagt inn i plankartet som faresone (omsynssone).

Tabell 6 Endringar i næringsføremål.

	Gjeldande KDP		Nytt planforslag	
	Areal	Tal føremål	Areal	Tal føremål
Næring	3367 dekar	190	3252,7 dekar	139

6.9. Fiske og havbruk/akvakultur

Noverande situasjon

Det vert drive fiske frå inst i Maurangerfjorden til ytst i Klosterfjorden ved Halsnøy. Det er ei rekke oppdrettsanlegg i kommunen, både skaldyr-, sette- og matfiskanlegg. Dei fleste konsesjonane er på matfiskanlegg; laks, aure og regnbogeare.

Plangrep

Dei ulike fiskeføremåla som låg i tidlegare planar, som gyteområde og låssetjingsplassar er erstatta av fiskeområde i samsvar med plan- og bygningslova.

Kvinnherad er ein stor akvakulturrkommune i nasjonal målestokk, med 31 godkjende lokalitetar som er i drift pr. 09.06.17. Kommunen har både setjefiskproduksjon, stammfiskanlegg, matfiskanlegg, i tillegg til eit lakseslakteri på Sunde. Næringa er såleis ei stor og viktig næring og arbeidsplass i kommunen som gjev store økonomiske ringverknadar. Planmessig er det ei aukande utfordring for kommunen å sikre god sameksistens for dei stadig veksande akvakulturinteressene med alle dei andre som brukar sjø og sjønære areal i kommunen. Dette gjeld alt frå reiseliv, næring- og fritidsfiske til båttrafikk (farlei) mv. Næringa har i dag store miljøutfordringar særleg knytt til sjukdom, lakselus og korleis dette påverkar vill laks og aure i Hardangerfjorden. Mange av desse utfordringane vert i dag godt ivaretekte og regulerte gjennom anna lovverk, men kommuneplanen tek opp i seg alle utfordringane kring verksemda.

Det er ikkje lagt inn nye lokalitetar for akvakultur i denne kommuneplanen, men dei lokalitetane som er i drift og har konsesjon har fått ei utviding av arealet som er kommuneplanlagt. Dette er først og

fremst for at aktørane kan tilpasse drifta til dei føringane som gjeld for næringa med ny teknologi mv. Det er ikkje kommuneplanen sin arealdel som avgjer kor mykje fisk som skal produserast, dette vert avgjort etter andre lovverk og styresmakter. Dei fleste lokalitetar for havbruk/akvakultur er vidareførte, men justerte i samsvar med konsesjonar frå fiskeridirektoratet og faktisk lokalisering. Lokalitetar som er i bruk er utvida utover i fjorden for å gje høve til tilpassingar til nyare teknologi, og ønske om å liggje lenger bort frå land. Desse har i hovudsak fått ei buffer på om lag 160 meter. I tilknytning til akvakulturområda er det også lagt inn større kombinerte føremål for friluftsliv, ferdsel og akvakultur som eit fleirbruksføremål. Desse gjev akvakulturanlegget moglegheiter til å gjere mindre justeringar og ankring og er i utgangspunktet lagt som ein 300-meters buffer utanfor akvakulturføremåla, og gjeld ikkje innover mot land. Områda er arronderte med omsyn på andre interesser som til dømes friluftsliv, sjøtrafikk, fiske og kulturminne. Nokre akvakulturføremål er tekne ut grunna manglande konsesjon og ueigna lokalitet.

6.9.1. Kaste- og låssettingsplassar er lagt inn i plankartet, i stor grad slik fiskeridirektoratet har spela inn før og etter høring av planen. Det er lagt inn ei føresegn som seier at oppdrettsanlegg ikkje bør lokalisrast slik at bruken av kaste- og låssettingsplassar til tradisjonelt fiske vert hindra. Lokalisering av oppdrettsanlegg bør ikkje skje nær badeplassar og tett opp til busetnad/fritidsbusetnad. Likeins må akvakulturområde ikkje plasserast i nærleiken av utslepp eller andre aktivitetar som kan verka negativt på mattryggleik eller skada akvakulturorganismar.



Figur 10 Akvakulturanlegget på Melsneset (Borgundøy): i gjeldande KDP ligg nærast heile akvakulturanlegget utanfor akvakulturføremålet. I planforslaget er akvakulturføremålet justert rundt faktisk lokalitet og konsesjon. Utanfor akvakulturføremålet er det òg lagt inn eit fleirbruksføremål slik at det kan vere mogeleg å gjere justeringar og ankring. Det som tidlegare var avsett til akvakultur langs sjø er omgjort til framtidig friluftsføremål.

Tabell 7 Endring i akvakulturføremål

	Gjeldande KDP		Nytt planforslag	
	Areal	Tal føremål	Areal	Tal føremål
Akvakultur	9051 dekar	66	8 740,9 dekar	49
Kombinert friluft/ferdsel/akvakultur	-	-	14 227,2 dekar	156

6.10. Natur og friluftsliv

Noverande situasjon

Kommunen har eit mangslunge og variert landskap, frå skjergardsidyll med øyar og lune vikar i sørvest til høg fjell, tronge fjordar og bratte dalsider i nordaust. Delar av Folgefonna nasjonalpark ligg

i Kvinnherad. I samband med kraftutbygging er det bygd bilvegar høgt til fjells, og fjellheimen er lett tilgjengeleg for dei fleste. Opparbeidde turstiar og tilrettelagde badeplassar er å finna i dei fleste bygder. Kommunen har fleire mindre statleg sikra friluftslivområde og ein stor del av kommunen er kartlagt og vurdert som svært viktig eller viktig friluftslivsområde. Mykje av dette er fjellområda med Folgefonna og fjordområda rundt Halsnøy.

Plangrep

Store delar av kommunen er sett av som LNF-område. Det er òg omsynssoner som tek vare på natur eller friluftsliv i område med spesielle kvalitetar. Alle verna eller sikra område er viste med omsynssoner (ulike skravurar). Både i byggeområde og i LNF-spreidd-områda set føresegnene krav til at nye tiltak skal ta omsyn til naturverdiar og friluftsliv.

Den gamle postvegen, som går frå Ølfarnes til Herøysund, er lagt inn som turvegtrasé med omsynssone *d*), *bevaring kulturmiljø*.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 er lagt til grunn ved utarbeiding av planen.

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg (§ 8), føre-var-prinsippet er nytta der det har vore risiko for alvorlig skade (§ 9), vurdering av samla påverknad på økosystem har vore gjort der det er naturleg (§ 10), evt. kostnader for å hindra skade på naturmiljøet vert å bera av tiltakshavar (§ 11) og lokalisering av tiltaka kan seiast å vere miljøforsvarleg (§ 12).

Det er lagt inn ei føresegn som skal sørgja for å oppretthalda eit avgrensa naturleg vegetasjonsbeltet for å motverka avrenning og gjer levestad for planter og dyr. Byggverk som står i naudsynt samanheng med vassdraget eller der det trengs opning for å sikre tilgongen til vassdraget, er unnateke denne regelen. Vassressurslova seier at grunneigar, tiltakshavar og fagmynde kan krevje at kommunen fastset breidda på kantvegetasjonen. Breidda kan òg fastsetjast i rettsleg bindande planar etter pbl. (vassressurslova § 11).

6.11. Kulturminne og kulturmiljø

Noverande situasjon

Kommunen har mange kulturminner med funn heilt tilbake til steinalder. Buplassen på Lundsmyra mellom Dimmelsvik og Seimsfoss er ein av dei største kjende buplassane frå steinalder i Hardanger. Kvinnherad har òg særst mange gravrøyser frå jernalder og på 1930-tallet vart det funne ein vikingskatt med m.a. halsring av sølv og arming av gull på Hatteberg. Frå mellomalderen har ein Halsnøy kloster, Ænes kyrkje og Kvinnherad kyrkje. Frå nyare tid er særleg Baroniet i Rosendal eit viktig minnesmerke og nyleg vart heile anlegget freda. Freda er òg Fjellberg prestegard, Kapteinsgarden på Fet i Uskedalen, Nicoll-huset på Presthus og delar av Valen sjukehus.

Plangrep

Freda kulturminne er viste i plankartet som bandlagde område etter kulturminnelova. Den delen av Baroni-anlegget i Rosendal som nyleg er freda, er vist med bandleggingssone. Den gamle postvegen frå Ølfarnes til Herøysund er sett av som omsynssone *c*) *bevaring av kulturmiljø*. Både i byggeområde og i LNF-spreidd-områda set føresegnene krav til at nye tiltak skal ta omsyn til kulturminne og kulturmiljø.



Figur 11 Baroniet i Rosendal er NOreg sitt einaste baroni og har vore freda sidan 1923. I dag er òg resten av anlegget freda, inkludert parken og landskapet rundt (kjelde: <http://baroniet.no/nn/hagen>).

6.12. Born og unge sine interesser

Noverande

I kommunen er skular og barnehagar desentraliserte, slik at dei fleste born og unge går på skule og i barnehage der dei bur. Det er eit rikt kultur- og idrettsliv i kommunen med mange tilbod til born og unge. Kvinnherad kulturskule gjev òg eit variert og desentralisert tilbod til over 600 elevar innanfor dans, drama, musikk og visuelle kunstfag. Struktura for idrettsanlegg er òg bra og gjev gode forhold for aktivitet for born og unge.

Kartlegging av område og strekningar som vert nytta av born i fritid og som skuleveg er viktig for å kunne ta omsyn til deira interesser ved arealplanlegging, byggetiltak og tilrettelegging. Nokre område i Kvinnherad er delvis kartlagt, og det er gjennom kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv målsetting om kommunefemnande kartlegging.

I femårsperioden 2015-2020 vert det gjennomført eit tverrfagleg prosjekt for å avdekka og bøta på barnefattigdom i Kvinnherad. Resultata så langt viser at det stort behov for sikrere kunnskap om kva grupper og individ som er i ein utsett situasjon og kva plangrep som kan førebygge og bøta på problema. Etter mange år med relativt få flyktningar ser det ut til at denne gruppa vil auke, og mange av problemstillingane ved dette har fellesnemnarar med barnefattigdom. Arbeid på dette feltet vert organisert i eit tverrfagleg prosjekt frå 2015 – 2020.

Plangrep

Planforslaget gjer ingen endringar av skule-, barnehage, kulturhus eller idrettsanleggstrukturen i kommunen. Det er to utvidingar av desse føremåla, på Sunde og på Husnes (Helland), men ingen nye. I føresegnene til planen har krav til uteopphaldsareal og friområde fått stor vekt.

6.13. Folkehelse

Noverande situasjon

Gode og stabile buforhold er særst viktig både for born og vaksne si helse og trivsel. Store delar av Kvinnherad sin busetnad har gode buforhold, både med omsyn til bustad og nærmiljø.

Kvinnherad kommune har nyleg gjennomført «Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde» etter mal frå Miljødirektoratet. Arbeidet dammar grunnlag for arealplanlegging og sakshandsaming som tek omsyn til ålmenta sin tilgang til område for friluftsliv. Sentrumsnære område er særskilt vektlagt med omsyn til born og unge sin aksjonsradius. Det er i tillegg planlagt gjennomføring av barnetråkk i heile kommunen for å sikre betre kjennskap til born og unge sine ferdselsruter. Kvinnherad kommune er vidare medlem i og samarbeider godt med Friluftsrådet Vest med tanke på sikring, utvikling og drift av gode regionale friluftslivsområde.

Kommunedelplan for Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 tek opp fleire utfordringar og satsingsområde for Kvinnherad med tanke på gode leikeområde og nærmiljø. Mellom anna skal Kvinnherad kommune i planperioden ha fokus på å stimulera til kvardagsaktivitetar og leggja til rette for ein aktiv livsstil i nærområda der folk bur. For å få dette til, vil kommunen bidra til at det vert etablert eit allsidig miljø for aktivitetar på arenaer som barnehagar, skule, skulefritidsordningar, friviljugsentral, aktivitetssentra og sjukeheimar. Fleire universelt tilrettelagde turstiar og joggeløyper i nærområda der folk bur og utbygging av nærmiljøanlegg/aktivitetsområde i tilknytning til skular og barnehagar vil vera viktige satsingsområde. Dette er anlegg som vil skapa fysisk aktivitet blant born og unge både i skuletid og i fritida.

Gjennom *Kommunedelplan for Trafikksikring 2012-2020* er det gjort eit stort arbeid med kartlegging av trafikk i eit breitt perspektiv og ein stor del av føreslåtte tiltak inkluderer tilrettelegging og sikring av mjuke trafikantar. Oppstart med rullering av planen er planlagt haustem 2017. I tillegg til dei fysiske tiltaka, ser Kvinnherad kommune trafikktryggleik i eit heilskapleg perspektiv og arbeidar samstundes med haldningsskapande og åtferdsretta tiltak gjennom å delta i godkjenningsordninga til Trygg Trafikk *Trafikksikker kommune*.

Det er gjennom arbeidet med planstrategien bestemt at den eksisterande *Bustadsosial handlingsplan 2011* skal innarbeidast i ny *Kommunedelplan for Omsorg, helse og sosial* som har oppstart hausten 2017. Dette for å bidra til ei meir heilskapleg bustadplanlegging.

Plangrep

Planen vidarefører areal og det er lagt inn nye areal som skal sikra og ivareta gode friluftslivsområde, leikeområde og nærmiljø både på land og i sjø (friområde, grønstruktur, park, LNF, bruk og vern av sjø og vassdrag, frilustsområde (i sjø), fiske). I tillegg ligg det inne omsynssone for friluftsliv og grønstruktur. Til dømes er det langs heile Postvegen frå Herøysundet i nord til Utåker i sør lagt inn omsynssone. Arealføremålet LNF dekkjer store deler av kommunen, som bidrar til å sikre og ivareta mellom anna friluftsliv og natur.

Strandsona og strandsonereinteressene er ivarteke gjennom byggegrensa mot sjø og vassdrag (sjå kap. 4.10 og 4.11).

Føresegnene seier at ved planlegging og utbygging av byggeområde og område for spreidd utbygging, skal det takast omsyn til born og unge sine interesser og ålmenne friluftslivinteresser. Vidare stiller føresegnene krav til minste uteopphaldsareal, grønt areal og leikeareal, samt at det skal leggjast særleg vekt på mellom anna born og unge sine interesser og folkehelse når ein lagar

reguleringsplan (t.d. gang- og sykkelveggar, kollektivtransport, «snarveggar» til friluftslivsområde og linkande).

6.14. Universell utforming

Noverande situasjon

Universell utforming betyr tilgjenge for alle, dvs. at omgjevnadene skal utformast på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske utan trong for ekstra tilpassing eller spesiell utforming i ettertid.

Plangrep

I føresegnene til planen vert det stilt krav om universell utforming som skal leggjast til grunn ved planlegging og gjennomføring av tiltak, bygningar og uteområde.

6.15. Støy, ureining og stråling

Noverande situasjon

Kvinnherad kommune har lite utfordring med støy, ureining og stråling. Støy- og ureiningskjelder er i hovudsak vegtrafikk og nokre næringsverksemdar. Kraftlinene kan medføre stråling.

Plangrep

Støydata frå Statens Vegvesen er nytta som grunnlag for omsynssoner for støy i plankartet og ved vurdering av forslag om støyutsett arealbruk. Det er ikkje lagt til ny arealbruk i nærleiken av skytebaner og framtidig motorsportssenter.

Traséane for høgspennetnettet i området er vist som faresone. For sentral- og regionalnettet gjeld faresona til 30 meter frå ytste faseline. Breidda er fastsett med utgangspunkt i Statnett sine krav til varsling av arbeid nær kraftledning. Grunna manglar i kartfestinga av høgspennetnettet, kan kvaliteten på plasseringa av faresonene variera noko.

Om det er planlagt nye tiltak i eit område med ureina grunn, må tiltaket utgreiast og det sendast ein tiltaksplan til kommunen som skal godkjennast.

Føresegnene omhandlar støy, ureining og stråling.

6.16. Storulukkeverksemdar

Noverande situasjon

I Kvinnherad kommune er det to verksemdar som er underlagt storulukkeforskrifta: Gasnor og Hydro Aluminium AS Husnes (Sørø), begge lokalisert i same området på Husnes. Hydro Aluminium nyttar Gasnor sin tank med naturgass i tillegg til egne tankar. Påfylling til Gasnor sin tank skjer enten frå bil eller frå skip (tilrettelagt for begge). Tankane til Hydro Aluminium har påfylling frå bil.

Plangrep

Det er lagt inn omsynssone (faresone H530, jamfør pbl. § 11-8 a)) kring Gasnor sin tank, samt kring 3 av dei største tankane til Hydro Aluminium. Omsynssonene er basert på rettleiande tryggleiksavstandar for tankanlegg (vedlegg 2 i «Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter»), samt uttale frå Kvinnherad brann og redning. Omsynssonene er delt inn i indre (H530_1), midtre (H530_2) og ytre sona (H530_3). Til desse sonene er det knytt føresegnar som fortel kva som er tillate og kva som er forbode.

Eksisterande busetnad er akseptert slik den ligg føre i dag. Ny utvikling må forholde seg til restriksjonar og krav som følgjer av ny plan.

6.17. Naturfare

Noverande situasjon

Kvinnherad er ein rasutsett kommune og NGI har på oppdrag frå NVE utført detaljerte skredanalyser i sju område i kommunen (2015): Sundal, Ænes, Omvikdalen-Seimsfoss-Rosendal, Uskedalen, Ytre Matre, Matre og Åkra. Kartlegginga omfattar rastypene snø-, sørpe-,stein-,jord- og flaumras. Det er særleg mange rashendingar, både stein- og lausmasseras langs Maurangerfjorden, men òg strekninga frå Åkra til Matre er særleg utsett for ras.

I Kvinnherad er det fleire elvestrekningar (13 elver) som Kvinnherad kommune vurderer å ha særleg fare for skadeflaum. Det er ikkje gjort noko faresonekartlegging av desse elvane. Kvikkleireras er ein spesiell rastype som er meir utbredt på Austlandet og i Trøndelag enn i Kvinnherad, men som lokalt kan vera ei aktuell problemstilling. NGU har kartlagt område der det er potensiale for kvikkleire ut frå lausmasekartet til NGU og marin grense. Det fins potensiale for kvikkleireområde på Halsnøy, Sunde og Ølve. Det er ikkje registrert kvikkleireras eller ras i strandsona som kan relaterast til kvikkleire i Kvinnherad.

Plangrep

Kvinnherad må vere budd på fleire alvorlege naturhendingar enn før på grunn av sterk vind, ekstremnedbør, flaumar, ras, høgare havnivå m.m.. Det kan føre til store naturulukker og alvorlege skadar på viktig infrastruktur med til dels omfattande konsekvensar både for liv og helse, miljø og økonomi. Den tekniske infrastrukturen vert stadig meir omfattande og avansert, og med det aukar òg sårbarheita om viktige ledd i nettverka for transport, kommunikasjon og energi fell ut. Alvorlege epidemiar og atomulukker representerer det største potensialet for akutt helsefare.

Rasområda er lagt inn som fareområde på plankartet og føresegnene har krav til bygging i ras- og skredutsette område. Faresonene med sannsyn $> 1/1000$ er teke med (H310_1 og H310_2), men faresone med sannsyn $> 1/5000$ er ikkje lagt inn i arealplankartet. Ei eventuell omsynsone for $> 1/5000$ i arealplankartet gjer at kartet somme stader blir uleseleg. Kommunen vurderer det slik at det er viktigare med eit lesbart kart og ved ein søknad som kjem inn under tryggleiksklasse S3 vil sakshandsaminga og krav til utgreiing vera så stor at det uansett vil bli dekkja. Ny arealbruk har teke omsyn til desse fareområda ved arrondering, og nokre byggeområde er avgrensa som følgje av dei nye skredanalyser. Grunna rasfare er nokre mindre byggeføremål omgjort til LNF. Det er stilt krav om utgreiing av rasfare i byggesak og plansak i føresegnene.

Då det ikkje er gjort noko faresonekartlegging av elvene i Kvinnherad, er det lagt inn omsynsone (H320) basert på aktsemdskartet til NVE. Det er stilt krav om utgreiing av flaumfare i byggesak og plansak i føresegnene.

Ei omsynsone for mogleg marin leire, vil bandeggja mange område i kommunen og føre til kostbare undersøkingar som truleg ikkje vil vere naudsynt. Difor er ikkje det lagt inn omsynsone for kvikkleireras eller føresegn knytt til dette. For moglege kvikkleireområde er det NGU sitt temakart «Mulighet for marin leire» som ligg til grunn og skal sjekkast ut på lik linje som andre kartlag under sakshandsaminga. Ved nyregulering av område med marine avsetjingar skal ROS-analysen vurdere om grunnundersøking er naudsynt.

Det er lagt inn ei føresegn som skal sørgja for å oppretthalda eit avgrensa naturleg vegetasjonsbeltet for å motverka avrenning og gjer levestad for planter og dyr. Byggverk som står i naudsynt

samanheng med vassdraget eller der det trengs opning for å sikre tilgangen til vassdraget, er unnateke denne regelen. Vassressurslova seier at grunneigar, tiltakshavar og fagmynde kan krevje at kommunen fastset breidda på kantvegetasjonen. Breidda kan òg fastsetjast i rettsleg bindande planar etter pbl. (vassressurslova § 11).

6.18. Havnivå

Noverande situasjon

Kvinnherad kommune har lang kystline og mykje av bygningsmassen ligg i strandsona. Havnivåstigning er eit aktuelt tema og nye byggetiltak i strandsona må ta omsyn til denne. I planarbeidet er det sett på forventta havnivåstigning og stormflo for kommunen. Oppdaterte verdiar fram mot år 2100 viser stigning i havnivå for Kvinnherad, men denne er mindre enn tidlegare utrekna. Det vert òg varsla hyppigare ekstremvær, noko som tilsei oftare stormflo.

Plangrep

Føresegnene har krav til byggetiltak i strandsona i høve havnivåstigning.

6.19. Strandsona

Noverande situasjon

Det er ei særleg lang strandsona i kommunen då fastlandsdelen har ei rekkje fjordarmar som skjer seg inn i landskapet samt at det er fleire store øyar. Ein stor del av strandsona er ubygd og består for det mesta av skog eller dyrka mark. Dei fleste bygdene i kommunen ligg langs fjorden og ein stor del av vegane ligg tett i fjorden. Kommunen har difor òg mange område der strandsona er nedbygd med hus, infrastruktur, naust og båtanlegg.

Plangrep

Plan- og bygningslova har eit generelt krav om forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag. For at 100-meters belte ikkje skal gjelde statisk over heile kommunen, må kommunen fastleggje ei byggegrense mot sjø, basert på mellom anna kartlegging av funksjonell strandsona. Den funksjonelle strandsona er den strandsona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både med omsyn på økologi, topografi og/eller bruk. Den kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet. Byggegrensa mot sjø er vist som forbodsgrense (1112) på land. For arealføremål som legg til rette for utbygging i overgangen mellom sjø og land, er det sett ei grense for strandline sjø (1160) for å skilje mellom landdel og sjødel av tiltaka.

6.20. Vassdrag

Noverande situasjon

Det er viktig å ta vare på areala kring vassdraga med omsyn til friluftsliv, kulturmiljø, kulturminner, naturmangfald, ureining og uønska bruksendring. Bygg og anlegg skal sikrast mot naturfare, i hovudsak flaum. Mange av bygdene i Kvinnherad kommune ligg i nærleiken av dalføre og elveleier, og mykje av eksisterande busetnad ligg i nærleiken av elveleiene.

Plangrep

I føresegnene er det fastsett ein byggegrense på 50 meter langs hovudvassdraga der det er forbod mot bygg/tiltak, til dømes bygging av bustad, fritidsbustad, næringsbygg og frådelling om ikkje anna er avklara i reguleringsplan.

Hovudvassdraga er: Øyreselva, Austrepollelva, Bondhuselva, Furebergselva, Æneselva, Hattebergselva/Melselva, Guddalselva, Storelva (Omvikdalselva), Uskedalselva, Hellandselva, Handelandselva, Blåelva og Åkraelva.

Det fins fleire vassdrag i kommunen, men desse ligg i LNF-område og er i stor grad ikkje busett.

Det er lagt inn ei føresegn som skal sørgja for å oppretthalda eit avgrensa naturleg vegetasjonsbeltet for å motverka avrenning og gjer levestad for planter og dyr. Byggverk som står i naudsynt samanheng med vassdraget eller der det trengs opning for å sikre tilgongen til vassdraget, er unnateke denne regelen. Vassressurslova seier at grunneigar, tiltakshavar og fagmynde kan krevje at kommunen fastset breidda på kantvegetasjonen. Breidda kan òg fastsetjast i rettsleg bindande planar etter pbl. (vassressurslova § 11).

6.21. Endringar frå gjeldande kommunedelplanar

All den tid det berre var ein av dei seks kommunedelplanane som var utarbeidd etter gjeldande plan- og bygningslov, inneber dei omfattande karttekniske endringane at planen vil sjå annleis ut enn før, òg der det ikkje er gjort endringar i planforslaget. Både fargar og symbol skil seg frå tidlegare planar då arealføremåla er kategoriserte annleis i lova som kom i 2009. Til dømes er føremålet akvakulturanlegg endra frå blått til rosa, og soner for retningsliner og restriksjonar erstatta av ulike omsynssoner som gjev kartet eit anna uttrykk visuelt. Fleire kommunar gjennomfører revisjonar av planen der ei slik konvertering er tema aleine. Grepet med å bruke store LNF-spreidd-føremål framfor mange små enkeltbyggeføremål gjer òg framstillinga annleis.

Alle faktiske endringar er skildra i dokumentet *Oversikt endringar, KU og ROS*, datert 08.01.2016.; samt «SOSI_Endringslogg», datert XX.XX.XXXX OBS – oppdater før slutthandsaming i kommunestyret.

KJELDER:

- www.kvinnherad.kommune.no
- Kommunale planar, Kvinnherad
- <http://no.wikipedia.org/wiki/Norge>
- <https://snl.no/Kvinnherad>
- www.visitsunnhordland.no
- <http://baroniet.no/nn/hagen>

7. Arealtabell

Arealføremål	
§ 11-7. Nr. 1 – Bygg og anlegg	Areal (daa)
Bustader (244)	7000,8
Forretningar (24)	152,7
Fritids- og turistføremål (22)	138,8
Fritidsbusetnad (223)	2535,7
Grav- og urnelund (4)	12,1
Idrettsanlegg (16)	932,5
Kombinert bygge- og anleggsføremål (2)	10,3
Næringsføremål (139)	3252,7
Offentleg eller privat tenesteyting (94)	704,5
Råstoffutvinning (2)	43,3
Andre typar bygningar og anlegg (250)	296,1
Sentrumsføremål (5)	1354,2
Uteopphaldsareal (1)	2,6
Sum areal denne kategori	16 436,3
§ 11-7. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Hamn (54)	132,6
Parkeringsplassar (40)	86,4
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (7)	25,7
Veg (9)	35,4
Sum areal denne kategori	280,0
§ 11-7. Nr. 3 – Grønstruktur	Areal (daa)
Friområde (30)	127
Grønstruktur (4)	68,8
Park (12)	148,1
Sum areal denne kategori	343,8
§ 11-7. Nr. 4 – Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift	Areal (daa)
LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (1099).	1014227,6
LNFR areal for spreidde bustader- fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m. Uttrykket m.m. indikerer anlegg og bygningar som ikkje er ledd i landbruk (120).	17975,0
Spreidde bustader	-
Spreidde fritidsbusetnad (4)	194,1
Spreidde næringsbygningar (14)	1312,7
Sum areal denne kategori	1033709,5
§ 11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	Areal (daa)
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (957)	374837,4
Akvakultur (49)	8740,9
Drikkevatt (47)	2930
Ferdsl (28)	4882,2
Fiske (81)	45 379,8
Friluftsområde (53)	3729,8

Kombinererte føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (154)	14227,2
Naturområde (2)	32,2
Småbåthamn (93)	369,3
Sum areal denne kategori:	455128,8
Omsynssoner	
§ 11-8 a) Sikrings-, støy – og faresoner	Areal (daa)
<i>a.1 Sikringssoner</i>	
Nedslagsfelt drikkevatt (10)	120113,3
<i>a.2 Støysoner</i>	
Gul sone etter rundskriv T-1442 (67)	7681,5
Raud sone etter rundskriv T-1442 (108)	1648,3
<i>a.3 Faresoner</i>	
Flaumfare (13)	5001,8
Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (30)	3311,2
Ras- og skredfare (487)	10753,4
Brann og eksplosjonsfare (6)	16461,1
§ 11-8 c) Sone med særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø med opplysning om interesse	Areal (daa)
Bevaring kulturmiljø (20)	575,7
Bevaring naturmiljø (75)	7364,2
Omsyn friluftsliv (60)	3064,6
Omsyn grønstruktur (1)	444,6
§ 11-8 d) Bandleggingsone	Areal (daa)
Bandlegging etter lov om kulturminne (369)	943,1
Bandlegging etter lov om naturvern (18)	317752,5
Bandlegging for regulering etter PBL (2)	671,3
Bandlegging etter andre lover (31)	27255,6
§ 11-8 e) Sone med krav om felles planlegging, omforming og fornying.	Areal (daa)
Krav om felles planlegging (130)	3136,7
§ 11-8 f) Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde uendra	Areal (daa)
Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde (292)	14666,2
§ 11-9 5) Føresegnssone (26)	140,1

8. Vurdering av samla arealbruksendringar i KU og ROS

Konsekvensane av dei einssilde arealbruksendringane i planen er gjort greie for i konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbaranalysen. I det same dokumentet er det òg gjort greie for metodane som er brukt både for verdi- og konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarvurdering. Kommunen sine vedtekne akseptkriterium og metode for ROS-analyser for bruk i arealplanlegging er lagt til grunn for planarbeidet.

8.1. Nye byggeområde i forhold til gjeldande plan

Nye byggeområde som er lagt inn i planen, er i all hovudsak lagt inn på bakgrunn av dei mellom 300 og 400 innspela som kom til planarbeidet. Det er berre byggeområde i sjølve planforslaget som er konsekvensutgreidde, slik at innspela som ikkje gjekk gjennom silingsprosessen, har ikkje vore vurdert etter den same metodikken. Tabellen i førre kapittel viser alle nye arealføremål som er lagt inn i planen. Her er ei framstilling av det som viser mest att i plankartet:

Ønskje om byggeområde i strandsona er det som har prega innspela mest, og då særleg **fritidsbustad, småbåthamn og naust**. I all hovudsak har innspel om fritidsbustadar i strandsona vorte avsege, men òg i nokre tilfelle endra på, slik at hytteområdet er trekt noko vekk frå stranda. I staden er det i stor grad lagt inn fellesområde til sjø som skal tene hytteområda. KU konkluderer i stor grad med at dei nye areala til fritidsbustadar har få store negative konsekvensar for natur og miljø, medan det er store andre samfunnsinteresser, særleg knytta til bygdeutvikling og lokal handel. Det er som hovudregel plankrav på nye areal til fritidsbustad.

Nye areal til **bustadføremål og næring** er i stor grad knytt opp mot eksisterande strukturar i bygder og tettstader. Det er lagt vekt på å ikkje gå på tvers av dei interessene som har vore vurdert i KU og ROS når nye bustadområde er lagt inn i planen. På aksen mellom Rosendal og Sæbøvik er det først og fremst nytta bustadføremål med krav om reguleringsplan, medan det i område med mindre arealpress og er nytta LNFS til å styre bustadutviklinga i kommunen. Bustadareala kjem stort sett godt ut av konsekvensutgreiingane på dei fleste tema. Det som går att av samla vurdering på bustad er dei legg opp til fortetting av bygd/tettstad og eventuelt bygger opp om t.d. Husnes/Rosendal som sentrum. Det er i stor grad teke omsyn til naturverdiar, landbruksinteresser, strandsoner m.m. med lokalisering av bustadområde. I LNFS-områda er det i stor grad føresegnene som styrer konsekvensane av tiltaka, og KU kviler seg på at føresegnene sikrar dei interessene som er lista opp i KU. KU konkluderer i stor grad med at dei nye areala til bustad bygger opp om tettstadane i Kvinnherad utan å gå på tvers av andre interesser. Det er i stor grad knytt plankrav til nye areal for bustad.

LNFS-område og «bruk og vern av sjø og vassdrag» er brukt som eit hovudgrep i planen (sjå kap. 5.1). Fleire av dei gjeldande delplanane var svært detaljerte der òg einssilde bustad- eller hyttetomter var viste med eigne byggeføremål. Mange av desse er slegne saman eller erstatta av større samanhengande LNF-spreidd-føremål. Dermed er 436 bustadføremål og 211 hytteføremål tekne ut. Føresegnene opnar for avgrensa spreidd utbygging av næring, bustad, fritidsbustad og naust. I LNFS-områda er det i stor grad føresegnene som styrer konsekvensane av tiltaka, og KU kviler seg på at føresegnene sikrar dei interessene som er lista opp i KU. Det er likevel gjort einssilde vurderingar av alle dei over 120 LNFS-områda, og KU konkluderer med stor samfunnsnytte og bygdeutvikling i denne måten å bruke spreidd utbygging på. Det som går igjen i KU av LNFS-områda er at dei gjev rom og fleksibilitet for bygdeutvikling og stadbunden næring, samt dekkjer noko av trongen for fritidsbustad, bustad og naust i områda.

Akvakultur er i all hovudsak lagt ut i tråd med gjeldande løyver som gjeld i dag, med rom for noko fleksibilitet.

Akvakultur i Kvinnherad og verknadar på vill anadrom fisk i Hardangerfjorden:

Havbruk er eit nasjonalt satsingsområde og er skildra som ei sentral og viktig næring for Norge i framtida, og akvakulturnæringa bidreg til verdiskaping i kommunen gjennom oppdrettsanlegg, setjefiskanlegg og slakteri. Det er ei nasjonal forventning at kommunane sikrar areal for vekst i akvakulturnæringa. Miljømessig bærekraft er ei viktig forutsetning for vidare vekst. I dette ligg det at kommunane i si arealforvaltning skal sikre nok areal og miljømessig bærekraft gjennom si planlegging etter plan- og bygningslova.

Når det er gjort arrondering av areal til akvakulturlokalitetar i denne rulleringa av KPA har det vore teke utgangspunkt i gjeldande konsesjonar, altså er det ikkje lagt inn nokon nye lokalitetar i planen. Det har også vore ein premiss for handtering av verdi- og konsekvensutgreiinga rundt akvakulturtemaet at biomassen og volum av fisk i merd er uendra. Det er utanfor kommunen sin kompetanse og ansvarsområde å vurdere biomassen på kvar einskild lokalitet, då dette ligg til andre fagmynde. Hovudvurderinga i kommunen si konsekvensutgreiing på kvar lokalitet går på å vurdere konsekvensane opp mot andre interesser på dei same areala. Det ligg også utanfor pbl å setje føringar for bruk av teknologi og grenser for biomasse mv. KU til akvakultur ser såleis berre på dei tema som har relevans for dei avklaringane kommune skal gjere rundt akvakulturlokalitetane.

Det har vore viktig for kommunen å gjere næringa i stand til å møte det grønne skiftet ved mellom anna å gje store nok areal til å ta i bruk nye driftsmetodar og liknande for å gje betre dyrevelferd, og betre miljøtilhøve generelt.

Situasjonen for vill anadrom fisk i Hardangerfjorden har over fleire år vorte forverra. Ma. gytefiskteljing viser at bestandane av vill laks og aure slit i mange elvar, noko som mellom anna har ført til at einskilde elvar har vorte stengt for fritidsfiske, td. rosendalselvane og Bondhuselva. I tillegg blir det kvar år registrert store påslag med lakselus, særleg om våren, noko som kan vera kritisk, særleg for mindre individ av laks og aure. Det har vorte forska mykje på dette og korleis akvakulturnæringa påverkar naturmangfaldet i Hardangerfjorden, og då særleg vill anadrom fisk.

Kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks vart vedteken ved kongeleg resolusjon i 2013 med heimel i naturmangfaldlova § 13. For at ein laksebestand skal nå kvalitetsmålet etter norma må den ikkje vere betydeleg genetisk påverka, den må nå gytebestandsmålet, og den må ha eit normalt haustbart overskot. Kvalitetsnorma tek føre seg gytebestandsmål, haustingspotensial og genetisk integritet.

Havforskningsinstituttet har utarbeida ei risikovurdering av miljøverknadar av norsk fiskeoppdrett (2014) på bakgrunn av ny kunnskap og nye data. Rapporten tek føre seg dei overordna problemstillingane knytt til lakselus, smittespreiing, genetisk påverknad av rømt oppdrettsfisk, organisk belastning med meir. I tillegg har det i samband med redningsaksjonen for Vossolaksen vore gjennomført innsamling av kunnskap om trusselfaktorar mot laksen.

Dette kunnskapsgrunnlaget syner at dei største trusselfaktorane for anadrom fisk er knytt til lakselus og genetisk innblanding av rømt oppdrettsfisk. Anna forureinsing frå akvakulturanlegga er eit mindre problem i Hardangerfjorden enn i ein del andre fjordsystem grunna at Hardangerfjorden har god vassutskifting og såleis er ein god resipient.

Det er vist ein klår samanheng mellom oppdrettsaktivitet og tal på lakselus på vill laks og aure. Auke i mengda lakselus fører til ein auka dødelegheit på smolt hjå villaks og sjøaure. Samla sett gjev lakselus

ein negativ bestandseffekt hjå anadrom laksefisk. Røming av oppdrettsfisk fører til innblanding av gen frå oppdrettsfisk i dei ulike unike genetiske laksestammene i ulike vassdrag. Dette kan gje mindre overleving og tap av genetisk mangfald. Det har over fleire år vore svært mange hendingar med røming av oppdrettsfisk frå anlegga i Hardangerfjorden.

Ved denne rulleringa av kommuneplanen har det ikkje vore lagt inn nye lokalitetar for akvakultur, men eksisterande lokalitetar har i stor grad vorte lagt inn i tråd med gjevne konsesjonar, med ein varierende «buffer» som gjev næringa armsleng til å ma ta i bruk ny teknologi. Ein slik «buffer» er viktig mellom anna for å betre fiskehelse og å redusere lakselus. Ein vurderer difor at generelt vil konsekvensen for naturmangfald vera liten. Endringane som kommunen gjer knytt til akvakultur i sjø vil samla sett vera positive for naturmangfaldet. I planarbeidet har det heile vegen vore føresett at det er sektormynd og forvaltning av særlov som avgjer forhold som biomasse og teknologi innanfor kvar einskild lokalitet. Kommunen si oppgåve ved rulleringa har såleis først og fremst vore å avklare akvakultur i forhold til andre interesser på det same arealet. Plan- og bygningslova regulerer ikkje biomasse, dette vert gjort gjennom akvakulturlova.

Areal til akvakultur i kommuneplanen har fleire store samfunnsmessige fordelar knytt til verdiskaping og arbeidsplassar. I tillegg er det positivt med ei tilrettelegging som sikrar matproduksjon med eit relativt lågt karbonavtrykk i høve til ei bærekraftig samfunnsutvikling.

Nokre av kjeldene som har vorte nytta ved vurderinga akvakulturtemaet i planen:

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Lakseregisteret: <http://lakseregister.fylkesmannen.no/lakseregister/public/default.aspx>

Vedteken kvalitetsnorm for villaks, fastsett med heimel i naturmangfaldlova § 13:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-09-20-1109?q=kvalitetsnorm%20for%20villaks>

Vurdering av lakselusindusert villfisk-dødlighet per produksjonsområde:

http://www.imr.no/filarkiv/2017/05/samlet_rapport.pdf/nb-no

Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2017:

https://www.hi.no/filarkiv/2017/05/risikorapport_2017.pdf/nb-no og tidlegare rapportar.

8.2. Samla vurdering av KU

Planforslaget er i hovudsak ei stadfesting av eksisterande strukturar frå gjeldande arealplanar. Det er lagt ut nye bustad og fritidsbustadområde i store deler av kommunen. Hovudkonsekvensen av dette er ein større arealreserve i planen enn det utviklinga i kommunen tilseier. Der innspel om nye byggeområde har vore i konflikt med viktige verdiar, har områda blitt avgrensa eller tekne ut av planforslaget. Planforslaget som vert lagt ut til høyring er difor utan større konflikhtar. Planforslaget viser den utviklinga kommunen ønskjer, og er utarbeidd i tråd med planprogrammet. Forslaget er utan særskilte negative konsekvensar.

På bakgrunn av konsekvensvurderingane har konsulent og administrasjonen i Kvinnherad kommune gjort ei fagleg vurdering. Styringsgruppa og planleggjarane i Kvinnherad kommune har teke endeleg stilling til korleis arealinnspela skulle innarbeidast i planforslaget. Sjå KU-dokumentet for meir om metode og vurdering av det enkelte arealinnspelet. Planforslaget viser den utviklinga kommunen ønskjer, og er utarbeidd i tråd med planprogrammet.

8.3. Risiko- og sårbaranalyse (ROS)

Kommunen sine vedteke akseptkriterium og metode for ROS-analyser for bruk i arealplanlegging, er lagt til grunn for planarbeidet. Metoden er skildra i KU og ROS-dokumentet.

Det er gjort ei vurdering av sannsynet for uønskte hendingar innanfor dei farekategoriar som er avdekt. I dei fleste tilfelle er det vanskeleg å fastsetja frekvens eller gjentaksintervall, og det er difor lagt ei føre-var-haldning til grunn i desse vurderingane. Ein grundigare analyse gjort av fagkunnige innan dei ulike fagfelt vil venteleg koma fram til andre og mindre strenge resultat.

Alle arealendringar er vurdert etter kombinasjonen av sannsyn og mogleg konsekvens, og er til slutt samanstillt i ei risikomatrise (sjå metodekapittel i KU og ROS-dokumentet).

Eksempel på vanlege vurderte tema (alle naturfarar og menneske- og verksemdbaserte farar er lista opp i KU og ROS-dokumentet):

Flaum: Det er lagt inn omsynssone kring 13 hovudvassdrag i kommunen i tillegg til byggegrense. Føresegner og omsynssone i kartet skal hindre uønska hendingar.

Ras: Det er stor rasfare fleire stader i kommunen, men etter kvart har det kome godt datagrunlag til og avgrense ny arealbruk slik at det ikkje blir lagt inn rasfarlege område som byggeområde. Føresegner og omsynssone i kartet skal hindre uønska hendingar.

Kvikkleire: Det er ikkje noko som tyder på at det er stor fare for kvikkleireras i kommunen, men som vist i NGU sitt temakart «mulighet for marin leire», så kan det vere område der dette bør vurderast i plan- og byggesaker for å hindre uønska hendingar.

Stormflo, havnivåendring og ekstremver: Føresegnene set byggehøgder som tek omsyn til stormflo og havnivåendringar, slik at konsekvensane vert små. Anna ekstremvær som t.d. vind er lite vurdert i ROS.

Handtering av farlege stoff: Handtering av farleg stoff har vore eit tema for nye småbåthamner, der konklusjonen har vore at det kan oppstå mindre utslepp som naturen utbetrar sjølv.

Trafikkulukker: Det er smale vegar i kommunen som ikkje er utforma i tråd med gjeldande vegnormalar og krav til trafikktryggleik. Det er få stader der det er gang- og sykkelveg og gatelys. Trafikkfaren for dei nye utbyggingsområda er difor påfallande ofte problematisert i ROS.

Etter høyring av planforslaget har det kome merknadar frå Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland som peiker på at ROS-analysen viser uakseptabel høg risiko for trafikkulukker. For vegnettet i 9 av 10 område med planar for ny utbygging er det skildra stort sannsyn for trafikkulukker ved auka trafikk. Dette gjer ein middels risiko for liv og helse, og jamført med kommunen sine vedtekne akseptkriterium kan ikkje dette akseptrast utan at det vert gjennomført tiltak som reduserer sannsynet for hendinga.

Denne problemstillinga vart drøfta i møte mellom kommunen og statsetatane 17.02.2017. Mykje tyder på at dei alarmerande risikovurderingane bygger på ein metodisk svakheit, og plankontoret har difor gjort ei særskilt vurdering av problematikken i ettertid. Planforklaringa er i dei etterfølgjande avsnitta supplert med resultatet av denne vurderinga.

I ROS-analysen er det som hovudregel teke utgangspunkt i kjent kunnskap om dei ulike tema. Det er ikkje gjort særskilde eller ekstra utgreiingar for å få fram nye data eller meir finmaska kunnskap enn kva som er tilgjengeleg gjennom ordinære kjelder. Når risiko for trafikkulukker knytt til eit nytt utbyggingsområde skal vurderast opp mot akseptkriteria, er det risikoen ved den forventa auken i trafikken som skal vere utgangspunktet, ikkje den samla ulukkesrisikoen for eksisterande og ny trafikkmengd. For trafikkulukker er vurderingane såleis i stor grad basert på skjønn og mindre på matematikk. Ved ny utbygging utan tiltak for trafiksikring vil sjølvstans sannsynet for trafikkulukker

auka, men kor mykje? Dette er det ikkje rekna på i detalj, men det er gitt ei kort vurdering av sannsyn og konsekvens innafør rammene av dei vedtekte akseptkriteria.

Kvinnherad kommune sine akseptkriterium for risiko har sær lange tidsintervall for sannsynsrekninga. Dette er føremålstenleg ved vurdering av mange tema, og særleg med omsyn til naturfare som ras og flaum, men for menneske- og verksemlaserte farar kan dette slå ut med stor effekt. Hendingar med frekvens oftare en kvart 20. år vert rekna som mykje sannsynlege, kvart 200. år som sannsynlege, og hendingar oftare enn kvart 1000. år som moderat sannsynlege. Trafikkulukker med hardt skadde eller omkomne kjem som oftast ut i kategorien «middels konsekvens», og haldt saman med eit sannsyn mellom 1 – 1000 år mellom hendingane gjer det uakseptabel risiko og raud farge i risikomatriksen.

Ein gjennomgang av ulukkesstatistikken (SSB-tabell 10209) for åra f.o.m. 1999 t.o.m. 2016 viser at det samla talet trafikkulukker i Kvinnherad desse åra var 199. 11 av desse var dødsulukker der til saman 13 personar mista livet. 45 personar vart hardt skadde medan 207 personar fekk lettare skade. For heile perioden gjer dette eit gjennomsnitt på 0,7 trafikkdrepane i Kvinnherad per år og 2,5 hardt skadde. Samla sett vart gjennomsnittleg 15 personar råka av trafikkskade kvart år, uavhengig av skadeomfang.

Om ein ser på siste del av perioden, td. åra 2010 – 2016, har ulukkesfrekvensen vore svært avtakande i høve til tidlegare år. I desse åra var det i gjennomsnitt på 0,3 trafikkdrepane per år og 1 hardt skadd. Samla sett vart gjennomsnittleg ca. 9 personar råka av trafikkskade kvart år, uavhengig av skadeomfang.

Tabell 8 Tabellen viser trafikkulukker i Kvinnherad mellom 1999-2016, samt 2010-2016.

Trafikkulykker i Kvinnherad	1999 - 2016		2010 - 2016	
	Samla tal	Gjennomsnitt per år	Samla tal	Gjennomsnitt per år
Alle ulukker	199	7,11	54	7,71
Dødsulukker	11	0,61	2	0,29
Drepne	13	0,72	2	0,29
Skadde i alt	270	15,00	62	8,86
Hardt skadde	45	2,50	7	1,00
Lettare skadde	207	11,50	52	7,43

Sjølv om statistikken viser ein gledeleg nedgang i talet på alvorlege ulukker, må det understrekast at kommunen skal ha ei streng haldning til byggetiltak som aukar risikoen for trafikkulukker. Resultata frå ROS-analysen vil verte lagt til grunn ved vurdering av søknadar om tiltak og handsaming av arealplanar. For å unngå at risikoen vert uakseptabel, slik ROS-analysen mange stader peiker på, vil kommunen leggje vekt på vegvesenet sine strengheitsklassar for vegnettet ved vurdering av bygge- og delingssøknadar og handsaming av reguleringsplanar. Alle nye byggeområde av noko storleik, skal planleggjast i reguleringsplan der trafikktryggleiken vert vurdert konkret i kvart einskild høve. Dei fleste tiltak i område for spreidd utbygging er avhengig av løyve til ny eller utvida bruk av avkøyrsløp, med tilhøyrande vurdering av den aktuelle vegstyresmakta.

Som konklusjon kan ein seie at ROS-analysen i mange område peiker på trafikkulukker som ein særskilt risiko. Kommunen reknar at bruken av kommuneplanen sin arealdel saman med konkrete krav i kvart plan- og byggetilfelle er finmaska nok til å fanga opp den varsla risikoen og gje den tilfredsstillande avklaring i form av krav om tiltak, rekkefølge m.v.. Dei mange risiko-områda som er skildra i ROS-analysen står såleis ikkje i vegen for å kunne vedta planen, men dei skal nyttast som grunnlag for gjennomføring.

Sårbare objekt: Det er svært mange automatisk freda kulturminner, freda artar og andre sårbare objekt i Kvinnherad. Desse må takast særskild omsyn til ved lokalisering av nye tiltak. Bandleggingssoner og føresegnene sikrar at det ikkje vert konflikt med utbygging, og det er difor oftast både lågt sannsyn og konsekvens for uønska hending. Føresegner og omsynssone i kartet skal hindre uønska hendingar.

Samlokaliseringsproblem: Høgspenliner er typisk døme som ROS tek opp i mange områder. Føresegnene og omsynssoner i kartet tek i stor grad omsyn til samlokaliseringsproblem. Avstand til kulturminne og dyrka mark er andre eksempel.

Innsatstid og kapasitet for naudetatane: Heng tett saman med sentrum og periferi i Kvinnherad. Somme stader i utkantane er det vurdert at ei uønska hending vil bli forverra på grunn av lang innsatstid, men at det ofte er mindre konsekvensar for liv og helse og materielle verdiar, samt små konsekvensar for ytre miljø.